

Fastsetting av fallvederlag under endra  
samfunnsforhold og rettslege  
rammevilkår


*Ein studie av utviklinga i rettspraksis for  
hypotetisk pårekneleg utnytting*

Kandidatnummer:

33

Tal på ord:

14.996



JUS399 Masteroppgåve  
Det juridiske fakultet

UNIVERSITETET I BERGEN

1. juni 2017



## Føreord

Norsk kraftproduksjon er dominert av vasskraft. Gasskraftproduksjonen er ny, men under avvikling. Vindkraftproduksjonen aukar og vil, dersom alle gitte konsesjonar vert bygt ut, om nokre år utgjere meir enn tidelen av kraftproduksjonen. Samtidig har kraftinfrastrukturen blitt knytt saman over landegrensene, kraftmarknaden blitt meir internasjonal og transportsektoren er i ferd med å bli elektrifisert.

Vasskrafta hadde avgjerande betydning for industrialiseringa av landet. Framsynte politikarar forstod det og gav lovheimel for oreigning av grunn til vassmagasin i 1887. Oppkjøp og spekulasjon i vassfall gav støyten til «panikklovene» og konsesjonslovene i perioden 1906-1917. I 1911 og 1917 vart det gjeve lovheimlar for kommunal og statleg oreigning av vassfall. Den massive utbygginga tok til etter andre verdskrigen og då med hovudsakleg offentleg eigarskap.

Konfliktlinjene har gått mellom ulike eigarar og mellom eigarar og storsamfunnet.

På eine sida var det spørsmål om reguleringsretten som vart lagt til staten. Elektrisk kraft er ei vare som det er krevjande å lagre i dag og knapt mulig for hundre år sidan. Vassmagasinet var ein føresetnad for sikker og jamn kraftproduksjon. Kva del skulle magasingrunneigaren få i verdiskapinga når det var falleigaren som sat på ressursen som skapte krafta?

Grunneigaren har etter gamal norsk rett eigarskap til vassdraget og dermed rett til å utnytte vassfallet. Konsesjonslov-dommen i 1918 gjaldt ervervslova av 1909. Andrevoterande som var i mindretalet på 3 av 7, uttalte at einaste fornuftige grunnen til lovregelen om heimfall til staten, var at ein ville gjennomføre «det same retsprincip i vort land, som ialfald for de større vasdrags vedkommende er gjældende i de fleste fremmede lande» om «at det er det offentlige, som overhøihetsretten, den virkelige eiendomsret, over vasdragene bør tilkomme».

Ekspropriasjonserstatningslovene av 1973 og 1984 kom til under sterk politisk strid. Den sosialistiske sida ville bruke lova til prisregulering og å halde dei offentlege utgiftene nede. Den ikkje-sosialistiske sida ville at vederlaget skulle ta omsyn til den hypotetisk pårekelege utnyttinga av eigedomen. Det siste omsynet ligg til grunn i gjeldande lov.

Energilova av 1990 er prega av 1980-talets marknadsfrislepp. Kraftforsyninga vart flytta frå offentleg forvaltning til kommersiell sektor.

Kraftmarknaden gav eit grunnlag for å sette ein økonomisk, marknadsbasert verdi på vassfall. Marknadsverdiar vart soleis påreknelege. Det har vist seg at marknadsbaserte verdiar likevel ikkje har blitt brukt i fleire saker handsama av Høgsterett. Eit hovudtema i Konesjonslovdommen ligg bak: At «[r]aadighetsretten over fast eiendom strækker sig ikke videre, end lovgivning og retsorden bestemmer», som tredjevoterande assessor Siewers uttrykte det i byrettsdommen.

Når offentlege reguleringsinngrep vert følgd av oreigning gjeld grunnlovskravet om fullt vederlag til eigaren. Dilemmaet oppstår når reguleringsinngrepet stenger for den marknadsbaserte utnyttinga som derfor ikkje vert pårekneleg. Eit slikt sirkelresonnement kan med logisk konsekvens føre til konfiskasjon utan vederlag for ei elles pårekneleg utnytting.

Høgsteretts svar på sirkelresonnementet har mellom anna vore at når ein eigedom vert tileigna til fordel for ein som utnyttar utbyggingsverdien, skal rettsbrukaren sjå bort frå reguleringsinngrepet ved påreknelegvurderinga. I dette decenniet har Høgsterett likevel legitimert ein rettsbruk ved oreigningar som fører til at skjønnsrettane i realiteten ikkje ser bort frå reguleringsinngrep ved vassdragskonesjonar.

Denne praksisen i vasskraftskjøn har kome til utan uttalt medvit om at den er eit fråvik frå etablerte reglar. Det er gode grunnar for lovgjevar til å sjå til at rettstryggleiken vert ivareteken betre enn det oppgåva dokumenterer har skjedd.

God lesnad!

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>PROBLEMSTILLING .....</b>	<b>1</b>
<b>2</b>	<b>OMGREPSBRUK OG METODE.....</b>	<b>2</b>
2.1	Omgrep.....	2
2.2	Metode .....	2
<b>3</b>	<b>BAKGRUNN .....</b>	<b>4</b>
3.1	Vasskraft i Noreg .....	4
3.2	Historisk utvikling av kraftforsyninga .....	5
3.3	Fysisk verdikjede .....	7
3.4	Økonomisk regulering i dag.....	8
3.5	Økonomisk risiko.....	9
3.5.1	Vasskraftøkonomien .....	9
3.5.2	Kraftmarknaden .....	9
3.5.3	Elsertifikatmarknaden.....	11
<b>4</b>	<b>OREIGNINGSVEDERLAG FOR VASSFALL. NOKRE RETTSLEGE UTGANGSPUNKT .....</b>	<b>13</b>
4.1	Prinsippa.....	13
4.2	Frå naturhestekraftmetode til marknadsverdi .....	14
4.3	Vurderingstidspunktet.....	16
4.4	Vurderingstemaet .....	18
4.4.1	Hypotetisk påreknelegvurdering. Salsverdi og bruksverdi.....	18
4.4.2	Objektivisert vurdering av kjøparar og brukarar .....	19
4.4.3	Objektivisert faktisk og rettsleg påreknelegvurdering av eigedomen .....	20
4.4.4	Alternativverdi. Eigars tap versus oreignars vinst.....	21
4.5	Individuell verdi - reservasjonsprisen .....	22
<b>5</b>	<b>HYPOTETISK PÅREKNELEGE TYPETILFELLE.....</b>	<b>24</b>
5.1	Innleiing .....	24
5.2	Separat utbyggbart kraftverk.....	24
5.3	Samla prosjekt.....	24
5.3.1	Kløvtveit-skjønet .....	24
5.3.2	Vurderingstemaet ved samla prosjekt.....	25
5.3.3	Økonomisk rasjonalitet.....	26
5.3.4	Gir samla prosjekt eigar meir enn verdien på hans hand?.....	29

5.3.5	Gir samla prosjekt del i «verdiendringar som kjem av oreigningstiltaket»? ...	29
5.4	Oppfølging av Høgsteretts føringar i skjønnspraksis.....	30
5.4.1	Innleiing.....	30
5.4.2	Ringedal-skjønet.....	30
5.4.3	Smibelg/Storåvatn-skjønet.....	33
5.5	Oppsummerande vurdering.....	35
<b>6</b>	<b>HYPOTETISK PÅREKNELEGVURDERING VED AREALPLAN ELLER VASSDRAGSKONSESJON .....</b>	<b>36</b>
6.1	Innleiing .....	36
6.2	Bindande arealplan.....	36
6.3	Unntaket for tileigningsplanar .....	37
6.3.1	Vassdragskonsesjon som tileigningsplan .....	37
6.3.2	Offentlegvilkåret.....	38
6.4	Krav til optimal ressursutnytting.....	40
6.4.1	Innleiing.....	40
6.4.2	Prosessuelle forhold.....	41
6.4.3	Materielt om optimal ressursutnytting.....	43
6.4.4	Samla plan .....	46
6.5	Oppsummerande vurdering.....	47
<b>7</b>	<b>NORMA VED IKKJE HYPOTETISK PÅREKNELEG UTNYTTING .....</b>	<b>48</b>
7.1	Innleiing .....	48
7.2	Utgangspunktet .....	48
7.3	Unntak frå prinsippet .....	49
7.3.1	Rettspraksis: Tradisjon .....	49
7.3.2	Etterarbeid: Naturressursar. Private, kommersielle versus offentlege føremål	50
7.3.3	Lovgjevjarvilje uttrykt i tilknytning til meirvederlag.....	50
7.4	Oppsummerande vurdering.....	54
<b>8</b>	<b>PERSPEKTIV .....</b>	<b>55</b>
8.1	Innleiing .....	55
8.2	Grunnrente .....	55
8.3	Periodisk revisjon.....	56
8.4	Særskattar og særavgifter.....	56
8.5	Meirvederlag .....	58
<b>9</b>	<b>AVSLUTNING .....</b>	<b>60</b>

<b>LITTERATURLISTE.....</b>	<b>62</b>
<b>LISTE OVER FØREARBEID, ETTERARBEID, RAPPORTAR O.L.....</b>	<b>64</b>
<b>LISTE OVER RETTSPRAKSIS .....</b>	<b>67</b>
<b>LISTE OVER LOVER, FØRESKRIFTER OG TRAKTATAR.....</b>	<b>69</b>
<b>LISTE OVER FIGURAR.....</b>	<b>71</b>
<b>VEDLEGG.....</b>	<b>72</b>

# 1 Problemstilling

Emnet for oppgåva er kriteria for fastsetting av vederlag for fallrettar som skal nyttast til vasskraftproduksjon etter reglane om oreigning. Fastsetting vil skje gjennom skjøn etter skjønssprosesslova. Grunnlaget for skjønnet kan vere oreigning eller avtale, jf. skjønssprosesslova § 4 første leddet. Reglane for verdsetjing ved oreigning gjeld også ved avtaleskjøn om ikkje anna er avtalt.

Hovudlinene i ulovfesta reglar for vederlagsfastsetting ved oreigning som var utvikla med Grunnlova § 105 som rettsgrunnlag vart forsøkt lovfesta under politisk, sterkt ideologisk prega, strid ved ekspropriasjonsretningslovene av 1973 og 1984.

I mangel av ein marknad for vassfall som grunnlag for vederlagsutmåling, nytta ein i det 20. hundreåret ein teoretisk modell som bygger på kraftgrunnlaget uttrykt i naturhestekrefter.<sup>1</sup> Energilova av 1990 skapte ein ny faktisk situasjon som reglane skulle gjelde for ved at den la til rette for ei marknadstyrt utvikling av kraftproduksjonen. Med tredjepartstilgang til kraftoverføringsnett og ein effektiv kraftmarknad vart det skapt ein avleia marknad for vassfall.

Dermed kunne ein gå over til å nytte marknadsvardiar som utmålingsgrunnlag. Oppgåva tek sikte på å analysere i kva grad og korleis dette har påverka vederlagsutmålinga for vassfall.

Spørsmålet ved verdsetjinga er særleg kva som kan reknast som ei alternativ pårekneleg utnytting av vassdrag ved oreigning. Påreknelegvurderingar har vore sentrale i dommane referert i Rt. 2008 s. 82 (Uleberg), Rt. 2010 s. 1056 (Otra I), Rt. 2011 s. 1683 (Kløvtveit) og Rt. 2013 s. 612 (Otra II). Rettsavgjerdene i Otra-prosessen er omstridde, og olje- og energiministeren har fått skriftleg spørsmål om dei frå ein stortingsrepresentant.<sup>2</sup>

Hovudproblemstillingane for oppgåva er om den dømande makta si handtering av den nye situasjonen er i samsvar med alminnelege oreigningsrettslege reglar, og om regelverket elles er tilpassa samfunnsutviklinga.

---

<sup>1</sup> Naturhestekraft er eit ikkje-standardisert mål for effekt. 1 naturhestekraft = 0,73575 kW

<sup>2</sup> Dokument nr. 15:737 (2016-2017)



## 2 Omgrepsbruk og metode

### 2.1 Omgrep

Oppgåva nyttar vederlag som nynorsk for erstatning, til liks med ekspropriasjonserstatningslova, oreigningslova og Grunnlova § 105, utan at det ligg nokon meiningsskilnad i det.

Omgrepet vederlag vert enkelte stadar i juridisk teori nytta i meininga at «[e]kspropriaten kan ... kreve erstattet mer enn sitt økonomiske tap som følge av inngrepet».<sup>3</sup> Spørsmålet vert drøfta i punkt 4.4.4.

### 2.2 Metode

Målet med oppgåva er å fastlegge og analysere gjeldande rett ved hjelp av juridisk metode.

Dei spesielle utfordringane knyter seg til at raske endringar i faktum fører til at føremålsom-syn må få sterk vekt. Oppgåva nyttar difor omgrep og teori i grenseflata mellom juss og økonomi for å løyse problemstillingar som kan karakteriserast som rettsøkonomiske.<sup>4</sup>

Ekspropriasjonserstatningslovene av 1973 og 1984 vart skrivne før eller kanskje i overgangen mellom dei formative periodane knytt til sosialdemokratiet og nyliberalismen. Lovene er prega av at det offentlege var oreignar. Då vasskraftsektoren vart skilt ut frå den offentlege forvaltninga og marknadsstyrt, oppstod ein ny situasjon.

Utviklinga i faktum har skapt ein dynamikk i rettsutviklinga, men som oppgåva viser, løyser ikkje dommane alt. Reglar er i dynamisk utvikling gjennom rettspraksis der juss og faktum møtest.<sup>5</sup> Det verkar likevel som rettspraksis åleine, ikkje klarer å henge med når det skjer store endringar i faktum ved overgangar mellom formative periodar.

Rettsøkonomiske argument må heimlast i rettskjelder når rettsbrukarar skal løyse rettsspørsmål etter gjeldande rett.<sup>6</sup> Innanfor energiretten er det krav om «samfunnsmessig rasjonell»

---

<sup>3</sup> Lie, note 1 hovudrevidert 18.03.2013.

<sup>4</sup> Eide/Stavang 2008 s. 24

<sup>5</sup> Bernt/Mæhle 2007 s. 467 flg.

<sup>6</sup> Kolstad 2008 s. 397-398

produksjon m.m., jf. energilova (enl.) § 1-2. Dette skal m.a. skje ved at disponeringa av kraftressursane er marknadsbasert.<sup>7</sup>

Økonomisk rasjonalitet kan ta form av krav om samfunnsøkonomisk lønsemd som er definert ved at «betalingsvilligheten for alle tiltakets nyttevirknningar er større enn summen av kostnadene».<sup>8</sup> Vurdert som et rettslig vilkår, har definisjonen likskapstrekk med oreigningslova (orl.) § 2 andre leddet:

*«Vedtak eller samtykke kan ikkje gjerast eller gjevast utan det må reknast med at inngrepet tvillaust er til meir gagn enn skade.»*

I juridisk teori har ein forstått føresegna som eit rudimentært uttrykk for Kaldor-Hicks-kriteriet som seier at eit tiltak skal gjennomførast viss og berre viss det gjennom tiltaket vert skapt store nok verdiar på vinnarane sine hender til at taparane *kan* bli kompensert, og at minst ein får noko meir.<sup>9</sup>

Spørsmålet om korleis taparane *skal* bli kompensert ved oreigning, skal avgjerast etter reglane i ekspropriasjonsstatningslova. Ved bruk av utmålingsreglane er økonomisk teori nyttig og oppgåva nyttar den ved tolkinga av reglane.

---

<sup>7</sup> Bibow/Martinsen 2011 s. 24


<sup>8</sup> R-109/2014 s. 2

<sup>9</sup> Eide/Stavang 2008 s. 211 og 110-111

## 3 Bakgrunn

### 3.1 Vasskraft i Noreg

Det er framleis store vasskraftressursar som kan byggast ut. Om lag 30 TWh/år av vasskraftressursane stod att som realiserbart utbyggingspotensial 1.1.2014. Veksande energibehov og klimaendringar aktualiserer utbygging.



Figur 3-1

Klimaendringar skaper behov for tilpassing av naturforvaltninga. Oktoberflaumen i 2014 førte til store skadar i verna og derfor uregulerte vassdrag på Vestlandet.<sup>10</sup> Erfaringa gav støyten til større vekt på flaumførebygging. Regjeringa fekk ved stortingshandsaminga av Energimeldinga støtte for å konsesjonshandsame vasskrafttiltak i verna<sup>11</sup> vassdrag for å førebygge flaum.<sup>12</sup> Stortinget gjorde i desember 2016 første vedtaket om slik konsesjonshandsaming.<sup>13</sup>

<sup>10</sup> NVE-Rapport nr. 36-2016.

<sup>11</sup> Verneplan for vassdrag er ein bindande instruks frå Stortinget til forvaltninga om ikkje å gi konsesjon til vasskraft i dei omhandla vassdraga, jf. vrl. § 32 og Meld. St. 25 (2015–2016) s. 52

<sup>12</sup> Innst. 401 S (2015–2016) s. 31-32.


<sup>13</sup> Prop. 11 S (2016–2017)

## 3.2 Historisk utvikling av kraftforsyninga

Vi har hatt tre formative periodar i norsk kraftforsyning, som har vore knytt til ulike politiske og ideologiske hovudstrøymingar; sosialliberalismen, sosialdemokratiet og nyliberalismen.<sup>14</sup> Dei tidlegare periodane sitt preg på dagens rettsreglar er eit gjennomgangstema i oppgåva.

**Åra 1906-1920** var prega av sosialliberalismen. Konesjonslovene og Konesjonslovdommen<sup>15</sup> var brennpunkt for rettspolitisk strid.

**Åra 1945-1965** var prega av sosialdemokratiet. Vasskraftutbygginga var massiv mellom 1950 og 1980. Utbyggingstakta flata ut i 1980-åra då miljøomsyn fekk større vekt og overkapasiteten manifesterte seg.



Figur 3-2

Kraftoverføringsnettet vart utvikla parallelt med kraftproduksjonen.<sup>16</sup> Det fysisk-tekniske systemet utvikla seg frå bedriftsinterne elektrifiserte punkt i den første formative perioden, via lokale fordelingsnett til dagens integrerte nasjonale og delvis internasjonale infrastruktur.<sup>17</sup>

Før energilova trådde i kraft 1.1.1991, hadde offentleg eigde og vertikalt integrerte<sup>18</sup> kraftselskap lokalt (energiverk) og regionalt (engrosverk) monopol på kraftproduksjon, kraftover-

<sup>14</sup> Thue 1996 s. 17

<sup>15</sup> Rt. 1918 s. 403

<sup>16</sup> THEMA 2012 s. 28

<sup>17</sup> Thue 1996 s. 19

<sup>18</sup> Enl. § 1-3 tredje leddet

føring og kraftomsetning.<sup>19</sup> Kraftleveranse til private forbrukarar og dei fleste føretaka var ein del av verksemda til selskapet som eigde distribusjonsnett i området. Prisane for kraftleveranse og kraftoverføring var kostnadsbaserte og fastsett i politiske organ.<sup>20</sup> Netteigar hadde ikkje tilknytingsplikt overfor private kraftprodusentar.

Etter den sosialdemokratiske perioden gjekk norsk kraftproduksjon frå i hovudsak plan-økonomiske til i hovudsak marknadsoøkonomiske styringsrammer.

**Perioden etter 1990** har vore prega av nyliberalismen. Nyliberalisme er eit omstridd omgrep, som merkelappar på samtidsaktuelle ideologiar kan vere, men marknadsløysingar er eit kjenneteikn som i aukande grad også har prega energisektoren.

Energilova av 1990 innleia ei marknadsreform.<sup>21</sup> Det skjedde før EØS-avtalen vart sett i kraft 1.1.1994, jf. EØS-lova § 7. Noreg var eit føregangslan for marknadbasert kraftomsetning, sjå tidslina i figur 3-5. Derfor medførte ikkje første versjon av elmarknadsdirektivet behov for endringar i energilova.<sup>22</sup>

EUs mål om ein energiunion har sett fart i utviklinga.<sup>23</sup> Tredje energimarknadspakken er godkjent i EØS-komiteen, medan vidareføringa Vinterpakken vert handsama av Regjeringa.<sup>24</sup> Spørsmålet om mulig myndigheitsoverføring i Grunnlovens meining må handterast pga. eit grenseoverskridande styringssystem. Direktiva er potensielt meir kontroversielle enn marknadsliberaliseringa på 1990-talet.

Lave kraftprisar første tiåret etter marknadsreforma førte til at det ikkje var investeringsincentiv. Kraftprisauka frå tusenårsskiftet aktualiserte utbygging. Eldre prosjekt vart henta fram og nye fremja. Dette har blitt omtalt som ein «bonanza-epoke» av leiaren i Småkraftforeininga.<sup>25</sup>

---

<sup>19</sup> Hammer 1994 s. 8-12

<sup>20</sup> *Ibid* s. 22-23

<sup>21</sup> Thue 1996 s. 88

<sup>22</sup> Ot.prp. nr. 56 (2000-2001) s. 6 m.v.

<sup>23</sup> <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/rapport-dette-er-energiunionen/id2397771/> Henta 25.5.2017. Sml. TFEU Art. 194


<sup>24</sup> <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/tredje-energimarkedspakke--beslutning-i-eos-komiteen-om-innlemmelse-i-eos-avtalen/id2552136/> og <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/vinterpakken---horing-av-regelverksforslag-fra-europakommisjonen/id2524840/> Henta 12.5.2017

<sup>25</sup> Småkraftnytt nr. 2-2013, s. 2

«Bonanzaen» førte m.a. til konkurranse mellom kraftselskap som ynskte overføring av det enkelte fall til regulerte vasskraftsystem, og grunneigarar som ynskte utnytting av same fallet i separate småkraftverk. Spørsmålet om denne konkurransesituasjonen har fått riktig rettsleg avklaring, er sentralt i oppgåva.

### 3.3 Fysisk verdikjede

Verdikjeda i elektrisitetssystemet utgjer ein prosess der energiberaren eller den potensielle energien vert omdanna til elektrisitet i eit kraftverk og deretter ført ut på eit overføringsnett til sluttbrukarane sine installasjonar. Plusskundar bryt mønsteret ved at dei har både forbruk og produksjon bak tilknytingspunkt til distribusjonsnettet.<sup>26</sup>



Figur 3-3

Skissa viser EU-reguleringa med to nettnivå; transmisjonsnett og distribusjonsnett. I Noreg har vi i dag tre. Reiten-utvalet<sup>27</sup> foreslo i samsvar med EUs tredje energimarknadspakke å redusere talet på nettnivå i Noreg til to ved at ein slår saman regional- og distribusjonsnett. I dag er Statnett norsk transmisjonsnettoperatør (TSO), medan distribusjonssystemoperatørfunksjonar (DSO) ligg til dei om lag 130 selskapa som driv distribusjonsnett, og 70 som driv regionalnett.<sup>28</sup>


<sup>26</sup> Kontrollforskrifta (FOR-1999-03-11-302) § 1-3

<sup>27</sup> OED 2014

<sup>28</sup> *Ibid* s. 7, 41 og 53-55

### 3.4 Økonomisk regulering i dag

Marknadsreforma har skapt eit nytt grunnlag for verdsetting av vassfall, ved at det er etablert ein kraftbørs. Marknadssystemet kan skjematisk framstillast slik:



Figur 3-4

Det er to aktørar i kraftmarknaden som ikkje har ei rolle i den fysiske verdikjeda: kraftbørsen og kraftleverandørar.

Kraftbørsen Nord Pool er den sentrale marknadsplassen for fysisk handel med elektrisitet i Norden og Baltikum. Handelen på kraftbørsen skaper ein referansepris for kraftleveransar som gir grunnlag for prising overfor sluttbrukarar og underliggande for finansielle terminprisar.

Kraftleverandørane bidreg til å danne etterspørselssida i kraftmarknaden og fakturerer kundar i sluttbrukarmarknaden. Forretningsmodellen er å oppnå ein margin på den prisen kraftbørsen set.

Nettselskapa er monopolregulert og er derfor ikkje vist i figur 3-4.<sup>29</sup> Nettselskapa har tilknytingsplikt<sup>30</sup> overfor produsentar som eventuelt må betale anleggsbidrag<sup>31</sup>. Denne

<sup>29</sup> Ot.prp. nr. 43 (1989-1990) s. 17. Bakgrunnen er at nettverksemda er eit naturleg monopol. Naturlege monopol er ein grunn til at frikonkurransemarknaden ikkje fungerer ("marknadssvikt") som kan korrigerast ved offentlig monopolregulering.

reguleringa opnar for tredjeparts tilgang til kraftnettet og dermed tilgang til kraftmarknaden med prissetting på kraftbørsen Nord Pool.

Med tilgang til overføringsnettet og ein fungerande kraftmarknad kan eigarar av elvar og bekkar realisere marknadspotensialet sjølve eller i samarbeid med profesjonelle småkraft-utbyggerar. Den nye marknadssituasjonen for elektrisk kraft skapte ein avleia marknad for fallrettar som fundamentalt endra grunnlaget for verdivurderingar av vassfall.

## **3.5 Økonomisk risiko**

### **3.5.1 Vasskraftøkonomien**

Inntektssida er dominert av kraftprisen og ressursen i form av nedbørstilsg. Etter elsertifikatlova trådde i kraft 1.1.2012 har også elsertifikatprisen vore sett på som viktig for prosjektøkonomien. Marknadsrisikoen er eit viktig element i prissetjinga på fallrettar som vert gjennomgått i punkta nedanfor.

Samanlikna med fossilbaserte kraftproduksjonsteknologiar (olje, kol og gass) er dei fleste nye vasskraftprosjekt kjenneteikna av relativt høgare investeringskostnadar per produsert eining. Utbyggingskostnaden vert dermed viktig for lønsemda.

Eit viktig karakteristikum er at samanlikna med fossilbaserte kraftproduksjonsteknologiar har vasskraft relativt låge driftskostnadar og ingen råstoffkostnad. Kortsiktig marginalkostnad er derfor svært låg.

### **3.5.2 Kraftmarknaden**

Kraftbørsen har vist stor prisvariasjon, jf. Nord Pool system i figur 3-5. Det tyder på at den har gitt riktige prissignal.<sup>32</sup> Prisane på ein vasskraftdominert varebørs er typisk meir volatile enn på andre marknadsplassar.<sup>33</sup>

---

<sup>30</sup> Enl. § 3-4.


<sup>31</sup> Kontrollforskrifta (FOR-1999-03-11-302) § 17-5

<sup>32</sup> THEMA 2012 s. 32

<sup>33</sup> Kjærland 2009 s. 23




Prisnivået auka etter kraftbørsen inkluderte fossilbasert varmekraft gjennom Danmark i 2003.<sup>34</sup> Sjølv om tilbodet av ny fornybar kraft har auka dei siste åra, har ikkje prisane felle tilbake til 1990-talsnivået då det vasskraftbaserte systemet i større grad dominerte marknaden.



Figur 3-5 Kraftprisar og marknadssomfang

Det er vanleg med ein investeringshorisont på 40–60 år ved vasskraftinvestering. Terminprisar for 10 år har i den samanhengen avgrensa nytteverdi.

Marknadspriisen vert avklart ved kortsiktig marginalkostnad. Figur 3-6 illustrerer prissettinga ved overgang til variable kraftproduksjonsteknologiar med lave marginalkostnadar. Vasskraft, vindkraft og solenergi er i dag kostbare teknologiar å etablere, men sola leverer den potensielle energien kostnadsfritt.<sup>35</sup>



Figur 3-6 Konsekvensar av tiltak på tilbodssida - prinsippsskisse. Kjelde: THEMA 2012

<sup>34</sup> NOU 2012: 9 s. 209-210

<sup>35</sup> <https://snl.no/solenergi>

Tilbodskurva i figur 3-6 skifter mot høgre pga. auka tilbod frå variable teknologiar basert på fornybare ressursar. Elektrisitetsetterspørselen er lite elastisk på kort sikt og tilbodsskiftet fører til ein prisnedgang. I internasjonal forskning vert dette kalla «merit order effect». Det er vist empirisk at prisane fell i varmekraftbaserte marknader som innfører større mengder sol- og vindkraft.<sup>36</sup>

Klimaproblema krev utfasing av fossilbaserte kraftproduksjonsteknologiar. I ein marknad utan kol-, olje- og gasskraft vil prisane kunne konvergere mot marginalkostnaden for vasskraft, vindkraft og solenergi, eventuelt kjernekraft. Det er tenkeleg at CO<sub>2</sub>-fjerning og -lagring får ein modifierande effekt.

Nye energilagringsteknologiar kan tenkast å jamne ut prissvingingar pga. variable produksjonsteknologiar, sml. regulerbar vasskraft i figur 3-6. Om energilagringsteknologiane også hever prisen, er usikkert fordi alternativverdien til regulerbar vasskraft vert sett av den fossilbaserte varmekraftteknologien som eventuelt skal bort.

Konsekvensen kan bli at langsiktig marginalkostnad, som inkluderer kapitalkostnadar, ikkje manifesterer seg i marknaden. Den usikkerheita klimaproblemet skaper m.o.t. framtidig kraftproduksjonsteknologi og energilagringsteknologi, aukar risikoen.

### 3.5.3 Elsertifikatmarknaden

Ny fornybar kraftproduksjon utgjer tilbodsida i den konstruerte elsertifikatmarknaden som i Noreg har eksistert sidan 2012. Produsentar av ny fornybar kraft vert subsidiert ved tildeling av sertifikat tilsvarande produsert energimengde, jf. elsertifikatlova kap. 2. Dei kan få elsertifikat i inntil 15 år t.o.m. 2035.

Etterspurnaden kjem frå forbruk av straum ved at straumleverandørar vert pålagt å kjøpe ei viss mengde sertifikat, jf. elsertifikatlova kap. 4. Samla mål for ny fornybar elektrisitetsproduksjon er 28,4 TWh/år i 2020.<sup>37</sup>

Elsertifikatprisen var av ulike aktørar forventa å ligge i intervallet 150 til 250 NOK/MWh i forkant av iverksettinga av marknaden 1.1.2012. Lagmannsretten i førte overskjønet for


---

<sup>36</sup> IEA 2016 s. 27 og 54

<sup>37</sup> TRA-2015-04-08-5 artikkel 2

Brokke Nord/Sør-prosjektet meinte 200 NOK/MWh var realistisk.<sup>38</sup> Det er gjort utbyggingsvedtak for milliardprosjekt under føresetnad om liknande elsertifikatprisinivå.<sup>39</sup>

Figur 3-7 viser at prisforventningane ikkje har blitt møtt. Marknaden har kollapsa i 2017 etter det vart kjent at målet om 28,4 TWh/år tilnærma vert nådd med prosjekt som er ferdigstilt eller under utbygging. Tilbodet kan enno auke sidan siste frist for å ferdigstille produksjonsanlegg som har rett på elsertifikat, er 31.12.2021, jf. elsertifikatlova § 6 fjerde leddet første punktum.



Figur 3-7

Det var venta at marknaden skulle ta seg oppatt dersom den særsvenske vidareføringa med mål om 18 TWh/år ekstra vart inkludert i den svensk-norske fellesmarknaden, som landa vart samde om 19.4.2017.<sup>40</sup> Vel ein måned etterpå, er spot- og terminprisane lågare enn før semja.

Det er betydeleg usikkerheit knytt til elsertifikatprisen.

<sup>38</sup> LA-2008-29575 Lovdata PDF-utskrift s. 21

<sup>39</sup> Eigen informasjon.

<sup>40</sup> <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/enighet-om-svensk-utvidelse-av-elsertifikatsystemet/id2549653/> Henta 28.4.2017

## 4 Oreigningsvederlag for vassfall. Nokre rettslege utgangspunkt

### 4.1 Prinsippa

Hovudregelen<sup>41</sup> i Noreg om at vassdrag høyrer til eigaren av grunnen det dekker, går tilbake til landskapslovene på 1000-1100-talet.<sup>42</sup> I dei fleste andre europeiske land høyrer vassdraga til det offentlege.<sup>43</sup>

Fallretten er ein rett til å rå over vatnet ved å utnytte eller nekte andre å utnytte vassføringa.<sup>44</sup> Den økonomiske verdien av fallretten ligg i eineretten til å nytte energipotensialet som følgjer av at vassmassen fell frå eit høgdenivå til eit lågare på eigedomen.<sup>45</sup>

Konsesjonslovdommen slo fast at heimfallsinstituttet innebar eit råderettsband for den private grunneigar som han måtte akseptere vederlagsfritt.<sup>46</sup> Føresetjinga er at det ikkje er tale om avståing og tileigning, men om føresegner som regulerer eigedomsrådveldet i samfunnsinteressa.<sup>47</sup> Prinsippet kan gjere fallretten verdlaus gjennom vern eller avslag på konsesjonsøknad.<sup>48</sup>

Fallretten kan vere skild frå eigedomen ved oreigning, jf. vassressurslova (vrl.) § 13 første leddet, første punktum om «særlige rettsforhold».<sup>44</sup> Den som må gje frå seg eigedom ved oreigning, har krav på «fullt vederlag», jf. Grunnlova § 105. Grunnlovsføresegna vernar, i motsetjing til EMK P1-1,<sup>49</sup> ikkje sjølv eigedomsretten, men inneber at eigaren si økonomiske stilling ikkje skal svekkast som følgje av inngrepet.<sup>50</sup>

---

<sup>41</sup> Vrl. § 13 første leddet første punktum

<sup>42</sup> Falkanger/Haagensen 2002 s. 34

<sup>43</sup> Dahl 1888 s. 2-3

<sup>44</sup> Rt. 2012 s. 808 (avsnitt 38-39).

<sup>45</sup> <https://snl.no/vannfallsenergi>. Sml. Rt. 2011 s. 1893 (avsnitt 25)

<sup>46</sup> Rt. 1918 s. 403 (s. 405)

<sup>47</sup> Ibid jf. Rt. 1914 s. 177 (s. 205-206)

<sup>48</sup> LH-2016-10613 (Tapt mulighet for vasskraftutbygging. Møysalen landskapsvernområde.)

<sup>49</sup> Dokument 16 (2011-2012) s. 196

<sup>50</sup> Rt. 1976 s. 1 (s. 7)


Eigaren skal ha erstatta den høgaste av salsverdien og bruksverdien, eller attkjøpsverdien dersom det må til for å halde han skadelaus, jf. ekspropriasjonserstatningslova (orvl.) § 4 jf. §§ 5, 6 og 7. Vederlag for vassfall til kraftproduksjon kan i utgangspunktet tenkast fastsett etter salsverdien, jf. vrl. § 51 første leddet, jf. orvl. § 5, eller bruksverdien, jf. orvl. § 6.

## 4.2 Frå naturhestekraftmetode til marknadsverdi

Fallverdien er etter naturhestekraftmetoden eit produkt av naturhestekrafttal og naturhestekraftpris. Naturhestekrefter gir uttrykk for det teoretisk kraftgrunnlaget. Naturhestekraftprisen vert fastsett ved skjøn, utan noko objektivt forhold til kraftprisar og kostnadar. Verdien vert delt på utnytta fallmeter og kvar falleigar vert kompensert etter kor mange fallmeter han eig.<sup>51</sup>

Naturhestekrafttalet kjem fram som vassføringa ( $m^3/s$ ) multiplisert med talet på fallmeter multiplisert med 13,33. Konstanten 13,33 representerer naturhestekrafteffekten av ei vassføring på  $1 m^3/s$ . Vassføringsdefinisjonen vart oppjustert i Saudefaldene-skjønet ved at ein nytta middelvassføring i staden for regulert vassføring,<sup>52</sup> som Høgsterett stadfesta i Otra II.<sup>53</sup>

Vassdragslovutvalet uttalte om naturhestekraftprisen at «[i] skjønnspraksis fastsettes ofte fallverdien nokså summarisk med utgangspunkt i tidlige skjønnsfastsettelser og eventuelle avtalte priser».<sup>54</sup>



Figur 4-1 Naturhestekraftprisar

<sup>51</sup> 25 prosent meirvederlag kjem i tillegg, jf. punkt 7.3.3.2 og 8.5.

<sup>52</sup> LG-2007-176723 Lovdata pdf-utskrift s. 43-45. Sjå NVE-fakta 2004-1 for definisjonar av vassføringsomgrepa.

<sup>53</sup> Rt. 2013 s. 612 (avsnitt 74)

<sup>54</sup> NOU 1994: 12 s. 242

Ifølgje Hellandsfoss-dommen inngår også «omkostningene ved utbygging» og «fallets beliggenhet» i heilskapsvurderinga.<sup>55</sup> I praksis utgjer desse momenta mindre, skjønna korreksjonar av utgangspunktet i etablert nivå. Nivået kan etter skjøn justerast basert på estimert kraftprisnivå, sml. naturhestekraftprisen i Saudefaldene-skjønet i figur 4-1 med tilhøyrande estimert kraftpris i figur 3-5.

Føresegna i orvl. § 5 føreset at det finst ein marknad for eigedomen, men som førstvoterande i Kløvtveit uttalte med tilvising til Uleberg: Det var ikkje tilfelle før kraftmarknadsreformen.<sup>56</sup>

Naturhestekraftmetoden tilfredsstillar ikkje krava i ekspropriasjonserstatningslova.

Førstvoterande i Uleberg-dommen, jf. punkt 4.3, konkluderte med at «naturhestekraftmodellen [har] utspilt sin rolle ved verdsettelsen av fall som er separat utbyggbare» og at dei ordinære reglane i ekspropriasjonserstatningslova skulle gjelde.<sup>57</sup>

For å få reelle marknadsprisar basert på frivillig omsetning som orvl. § 5 første leddet krev, trongst kraftmarknaden som kom på 1990-talet, sml. figur 3-5. Kraftmarknaden og tredjepartstilgangen til kraftoverføringsnettet er grunnlaget for den avleia marknaden for utleige og omsetning av vassfall.

Det er i skjønspaksis brukt to marknadsbaserte metodar.

Ein metode er ei bruksverdivurdering, jf. orvl. § 6, basert på avtalar om utleige av vassfall med typisk varigheit på 40–60 år.

Det er i hovudsak to alternative reknemåtar for falleige: 1) Omsetningsbaserte modellar der falleigar får ein prosentdel av omsetninga. 2) Overskotsbaserte modellar der falleigar får ein (større) prosentdel av økonomisk overskot. Falleigars risiko er i utgangspunktet minst med omsetningsmodellen, men den vert modifisert ved at prosentdelen er fallande med aukande kapitalkostnadar.

---

<sup>55</sup> Rt. 1997 s. 1594 (s. 1599)

<sup>56</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 28)

<sup>57</sup> Rt. 2008 s. 82 (avsnitt 84-88)

Noverdien av forventa årleg falleige er grunnlaget for oreigningsvederlaget. Tillegg for og større del i subsidiar som elsertifikat, inngår ofte i kompensasjonen. Verdi av rimeleg kjøp av kraftverket etter utløpet av avtaleperioden kjem i tillegg.

Den andre metoden er ei salsverdivurdering, jf. orvl. § 5, basert på forskjellen mellom utbyggingskostnaden og prisen for omsette kraftverk i kroner per kWh/år. Sjå punkt 5.4.2.3 for døme.

### 4.3 Vurderingstidspunktet

Ei utfordring som knyter seg til endringar i rettsreglar og faktum er at det i nokre tilfelle kan oppstå tvil om kva tidspunkt som skal leggjast til grunn for verdivurderinga, slik Rt. 2008 s. 82 (Uleberg, vedlegg 1) illustrerer.

Spørsmålet for Høgsterett var kva tidspunkt fastsettinga skulle bygge på. Alternativa var avtaleinngåing i 1968 som medførte naturhestekraftmetoden, eller utbyggingsstart for Uleberg kraftverk i 2004 som gav betydeleg høgare vederlag pga. marknadsutviklinga. Avtaleordlyden gav ikkje eit eintydig svar og retten fann heller ikkje fram til partane sin felles intensjon på anna grunnlag.

For førstvoterande vart «tidspunktet for avtaleinngåelsen» avgjerande, som ho såg på som eit alminneleg utgangspunkt.<sup>58</sup> Resultatet kan karakteriserast som presiserande avtaletolking i lys av ulovfesta bakgrunnsrett.

Avgjerda var at overskjønet som hadde konkludert med ei salsverdivurdering basert på marknaden i 2004,<sup>59</sup> vart oppheva. Naturhestekraftmetoden basert på verdien i 1968 skulle nyttast.<sup>60</sup>

Den ulovfesta hovudregelen for avtaleskjøn er at reglane i ekspropriasjonserstatningslova skal leggjast til grunn dersom det ikkje er haldepunkt for noko anna.<sup>61</sup>

---

<sup>58</sup> Rt. 2008 s. 82 (avsnitt 70)

<sup>59</sup> LA-2005-126434 PDF-utskrift s. 10-11

<sup>60</sup> Rt. 2008 s. 82 (avsnitt 74)

<sup>61</sup> Stordrange/Lyngholt 2000 s. 18

Førstvoterande uttalte at ho fann «en viss, men begrenset, støtte» for bruk av marknadsprisen på avtaletidspunktet i orvl. § 10 andre punktum.<sup>62</sup> Føresegna seier at ved førehandsovertaking, sml. oereigningslova § 25, skal fastsetting av vederlaget bygge på overtakingstidspunktet.

Husaas-utvalet er ei rettskjelde førstvoterande ikkje nytta. Det uttala seg slik om føresegna:

*«For at ekspropriaten kan sies å ha fått full erstatning etter grunnlovens § 105, antas erstatningen i alminnelighet å måtte svare til verdien av det avståtte så noenlunde på den tid avståingen finner sted.»*<sup>63</sup>

Utvalet rådde same staden til at regelen skulle vere at egedomen vert avstått når skjønet vert sagt, sml. no orvl. § 10 første punktum, dersom ikkje egedomen alt er overteken på førehand, sml. andre punktum. I det siste tilfellet skjer avståinga ved den faktiske avståinga, når ervervar får rådvelde over egedomen.

Ervervar i Uleberg-skjønet fekk rådvelde over egedomen ved avtale og overskøyting i 1968. Tolkinga samsvarar med førstvoterande sitt alminnelege utgangspunkt om å legge avståings-tidspunktet til grunn.

For konklusjonen i Uleberg-skjønet er det likevel problematiserande at rettsavklaringa kom med ekspropriasjonserstatningslova av 1973, medan avtalen vart inngått i 1968.

Innstillinga frå Husaas-utvalet vart avlevert i 1969. Utvalet uttalte at «[i] praksis må det imidlertid antas at skjønsrettene i dag legger til grunn prisnivået på den tid skjønet avheimles».<sup>64</sup>

Uleberg-avtalen var utarbeidd av kjøpar med advokathjelp som burde kjenne til skjønnspraksis på 1960-talet. Kjøparen var den meir ressurssterke parten som bør bere ansvaret for tvilen som oppstod etter om lag fire tiår. Situasjonen ligg til rette for å nytte prinsippet *contra stipulatorem*; tvilsrisikoen bør leggast på den parten som har utforma avtaleteksten.

---

<sup>62</sup> Rt. 2008 s. 82 (avsnitt 72)

<sup>63</sup> NUT 1969: 2 (s. 148)

<sup>64</sup> *Ibid*



Prinsippet samsvarar med rettssyn og konklusjon i overskjønet,<sup>65</sup> men skjønnspraksis ved tidspunktet for avtaleinngåing er ei rettskjelde som ikkje vart nytta av rettsinstansane. Retten pliktar å klarlegge gjeldande bakgrunnsrett på avtaletidspunktet, jf. tvistelova § 11-3.

Saka illustrerer at rettsbrukarar må vere merksam på at seinare lovfesta reglar kan ha fråvike praksis.

## 4.4 Vurderingstemaet

### 4.4.1 Hypotetisk påreknelegvurdering. Salsverdi og bruksverdi.

Framstillinga tek utgangspunkt i salsverdiregelen i orvl. § 5 og omtalar bruksverdiregelen i § 6 der det er relevant. Grunngevinga er m.a. at ekspropriasjonserstatningslova presumerer at salsverdien er høgast.<sup>66</sup> Høgsterett har vidare uttalt at dei «prinsipielle betraktningene må være de samme ved erstatning av salgsverdi» som for vederlag etter bruksverdi.<sup>67</sup> Lovteksten i orvl. §§ 5 og 6 er i tillegg identisk når det gjeld påreknelegvurderinga og § 6 andre leddet viser til § 5 tredje og fjerde leddet.

Dei tre første av fire ledd i orvl. § 5 lyder slik:

*«Vederlag etter salsverdi skal fastsetjast på grunnlag av det som må reknast med at vanlege kjøparar ville gje for eigedomen ved friviljug sal.*

*Ved fastsetjinga skal det leggjast vekt på kva slag eigedom det gjeld, kvar eigedomen ligg og den påreknelege utnytting som det røyntleg er grunnlag for etter tilhøva på staden. Det skal dessutan leggjast vekt på dei prisane som er oppnådd ved omsetnad av andre eigedomar som det er naturleg å samanlikna med, og likeins på andre tilhøve som er avgjerande for salsverdien av eigedomen.*

*Det skal ikkje takast omsyn til verdiendingar som kjem av oreigningstiltaket, eller av gjennomførde eller planlagde investeringar eller verksemd som har direkte samanheng med oreigningstiltaket.»*

---

<sup>65</sup> LA-2005-126434

<sup>66</sup> Stavang 2015 s. 127 med vidare tilvising til Stordrange/Lyngholt 2000 s. 40.

<sup>67</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 25)

Lovgjevar har ikkje teke sikte på å gje uttømande reglar.<sup>68</sup>

Første leddet gir det overordna vurderingstemaet for fastsetjing av vederlag etter salsverdi. Vurderingstemaet vert objektivisert gjennom at ein ser på «vanlege kjøparar», jf. punkt 4.4.2.

Ifølgje førstvoterande i Kløfta-saka følgjer det av sedvane og Høgsteretts praksis at Grunnlova § 105 krev at vederlaget ikkje kan setjast lågare enn det eigaren kunne oppnådd om oreigninga ikkje hadde funne stad.<sup>69</sup> Verdsetjing krev derfor at ein går inn i den hypotetiske situasjonen som oppstår når ein tenkjer oreigningsløyvet bort. Salsverdien er ein tenkt marknadsverdi som er knytt til eit hypotetisk sal av eigedomen.<sup>70</sup>

Andre leddet gir ei ikkje uttømande føresegn om eigedomen. Første og andre punktum er ifølgje førearbeida ein tankeoperasjon i to trinn.<sup>71</sup> Individuelle eigenskapar ved eigedomen som karakter, plassering og påreknelege utnytting, er føresetnaden for tren to der det skal finnast samanlikningseigedomar som er omsette.<sup>72</sup> Samanlikningsprisen må ifølgje førearbeida justerast på grunnlag av individuelle eigenskapar ved den oreigna eigedomen.<sup>73</sup> Høgsterett krev at skjønnsretten skal referere til konkrete, samanliknelege kontraktar.<sup>74</sup>

Når det heiter at det er «den påreknelege utnytting som det røyenleg er grunnlag for etter tilhøva på staden», så inneber det at det må vere reelt grunnlag for den påreknelege utnyttinga.<sup>75</sup> Beviskravet følgjer hovudregelen om sannsynsovervekt.<sup>76</sup>

#### **4.4.2 Objektivisert vurdering av kjøparar og brukarar**

Ordlyden «vanlege kjøparar», jf. orvl. § 5 første leddet, viser til «den alminnelige, rasjonelle kjøper» ifølgje førstvoterande i avdelingsdommen publisert med referansen HR-2017-333-A

---

<sup>68</sup> Stavang 2015 s. 127-128 og 348

<sup>69</sup> Rt. 1976 s. 1 (s. 7).

<sup>70</sup> Stavang 2015 s. 128

<sup>71</sup> NOU 1981: 5 s. 247

<sup>72</sup> Stavang 2015 s. 135 flg.

<sup>73</sup> Ot.prp. nr. 50 (1982-1983) s. 47

<sup>74</sup> Rt. 2008 s. 82 (Uleberg) (avsnitt 85)

<sup>75</sup> Stordrange/Lyngholt 2000 s. 52

<sup>76</sup> Stavang 2015 s. 129. Mæland 2013 s. 197

(avsnitt 34). Ho fann støtte i Kløvtveit-dommen der føresegna i orvl. § 5 vart tolka slik at «det skal skje en objektivisert vurdering».<sup>77</sup>

Førstvoterande i Kløvtveit støtta seg til Svenkerud<sup>78</sup> og Ulvåkjølen-dommane som omhandla bruksverdi, men uttalte at dei prinsipielle synsmåtane var dei same ved erstatning av salsverdi. Førstvoterande i Ulvåkjølen-dommen uttalte at det er «den alminnelige, forstandige» eigar som er skjønstemaet.<sup>79</sup> Dette samsvarar med Husaas-utvalet.<sup>80</sup>

Regelen er etter dette at det er den alminnelege, forstandige og rasjonelle kjøpar ved salsverdivurdering, høvesvis eigar ved bruksverdivurdering, som er skjønstemaet. Førstvoterande i Kløvtveit-dommen la til at «alle parter forutsettes å opptre økonomisk rasjonelt», dvs. også oreignar skulle vurderast som ein alminneleg, forstandig og rasjonell aktør.<sup>81</sup>

Vassdragslovutvalet uttalte at påreknelegkravet innebar at «ekspropriaten må ha konkrete, aktuelle og realistiske planer ...».<sup>82</sup> Å knyte vurderinga til den aktuelle eigaren vert i lys av regelen utleia ovanfor feil rettsbruk. Det er klart fastslått av førstvoterande i Kløvtveit-dommen.<sup>83</sup>

#### **4.4.3 Objektivisert faktisk og rettsleg påreknelegvurdering av eignedomen**

Ved vurdering av om utnyttinga er faktisk pårekneleg ser ein ifølgje førearbeida på «markeds-messige, biologiske, teknologiske, ressursmessige, miljømessige og andre forhold».<sup>84</sup>

I rettspraksis for vassdragsbyggingar har ein stilt opp eit vilkår «av teknisk-økonomisk art».<sup>85</sup> For eit kraftverk vil påreknelegvurderinga si faktiske side i praksis vere eit spørsmål om det kan byggast med så lav kostnad per kWh årsproduksjon at investering og drift kan forsvarast av framtidige kraftprisar, sml. punkt 5.4.2.3 om investeringsgrenser.

---

<sup>77</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 24-26)

<sup>78</sup> Rt. 1986 s. 1354 (s. 1360)

<sup>79</sup> Rt. 1992 s. 217 (s. 225)

<sup>80</sup> NUT 1969: 2 s. 152

<sup>81</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 32)

<sup>82</sup> NOU 1994: 12 s. 242

<sup>83</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 24)

<sup>84</sup> Ot.prp. nr. 50 (1982-1983) s. 48

<sup>85</sup> Rt. 2010 s. 1056 (avsnitt 58). Sml. Larsen m.fl. 2008 s. 58.

Ein vil sjå at rettspraksisen for vassdragsskjøn har eit noko snevrare innhald i det faktisk pårekelege enn førearbeida. Det miljømessige manglar pga. det vert handtert i konsesjonsbehandlinga. Derfor inngår miljøspørsmål i vurderinga av den rettsleg pårekelege utnyttinga.

Den rettslege sida av pårekelegvurderinga vert påverka av om egedomen er omfatta av lovgeving, forvaltningsvedtak, reguleringsplaner eller liknande.<sup>86</sup> Det er i utgangspunktet avgjerande at utnyttinga er lovleg for at den skal vere pårekeleg, sml. punkt 6.2.

Utnytting av vassfall til kraftproduksjon er underlagt krav om offentleg løyve, jf. vrl. § 8 jf. § 19. Erverv av vassfall er også konsesjonspliktig, jf. vassfallskonsesjonslova § 1 andre leddet.<sup>87</sup>

Spørsmålet om kva som er rettsleg pårekeleg, er sentralt i punkt 6 om hypotetisk vurdering tileigningsplanar.

#### **4.4.4 Alternativverdi. Eigars tap versus oreignars vinst.**

Alternativverdi (alternativkostnad) er verdien av eit gode i beste alternative bruk. Dette økonomiomgrepet høver ved vurdering av pårekeleg utnytting når ein tenkjer oreigningsløyvet bort.

Det er eit alminneleg oreigningsrettsleg prinsipp at berre økonomisk tap skal erstattast.<sup>88</sup> I Tokke-Vinje-dommen er prinsippet understreka ved uttalen om «at det ved fastsettelse av erstatning ikkje skal tas hensyn til den verdi det eksproprierte har for eksproprianten, men bygges på verdien på ekspropriatens hånd».<sup>89</sup> I førearbeid knytt til oreigningsheimel for vindkraft er det uttalt «at skadebota skal gi dekning for tap, og ikkje ein part i oreignaren si moglege vinning eller risiko».<sup>90</sup>

Når det i førearbeidet vert sagt at vederlaget ikkje skal gje ein del i oreignaren sin vinst, vert det for ope uttrykt. Grunnen er at alt vederlag vil minke oreignaren sin vinst og ta ein del av den.

---

<sup>86</sup> Stavang 2015 s. 143. Larsen m.fl. 2006 s. 182.

<sup>87</sup> Regjeringa føreslår ein lovteknisk revisjon av vassdragsreguleringslova og vassfallskonsesjonslova som etter Stortingets plan skal handsamast 13.6.2017, jf. Prop. 117 L (2016-2017).

<sup>88</sup> Monsen 2010 s. 23

<sup>89</sup> Rt. 1963 s. 1288 (s. 1295-1296). Sml. Rt. 2008 s. 195 (avsnitt 74)

<sup>90</sup> Ot.prp. nr. 4 (1999-2000) s. 8

Poenget er utgangspunktet. Vurderinga ved fastsetting av oreigningsvederlaget tek utgangspunkt i eigedommens alternativverdi slik den er på eigars hand. Derimot tek ein som førstvoterande i Tokke-Vinje-dommen uttalte, ikkje utgangspunkt i vinsten ved oreignars tiltak.

Omgrepet vederlag vert, som omtalt i punkt 2.1, i delar av juridisk teori forstått som om eigar får meir enn eller noko anna enn sitt tap. Vederlag i denne tydinga har opphav i m.a. vassdragslova av 1887 § 14 og i Ot.prp. nr. 44. (1910) s. 10.

Bakgrunnen var fordelinga mellom falleigar og magasineigar, jf. punkt 7.3.3.2. Tapet magasingrunneigar fekk erstatta verka, urimeleg lite samanlikna med falleigars vinst. Då det seinare vart aktuelt med falloreigning med meirvederlag eksisterte det ikkje nokon fungerande marknad som kunne sikre falleigar eit rimeleg vederlag, jf. punkt 3.2 og 4.2.

Denne synsmåten på vederlagsomgrepet manglar relevans i dag med muleg unntak for situasjonen der det ikkje er noko påreknleg alternativ utnytting.

## 4.5 Individuell verdi - reservasjonsprisen

Det er ovanfor vist at etter gjeldande rett skal det gjerast ei objektivisert vurdering av betalingsvilja til vanlege kjøparar. I rettsøkonomisk teori er det peika på Pareto-kriteriet som ei alternativ tilnærming. Kriteriet går ut på at eit tiltak som er til fordel for minst eitt individ og ikkje til ulempe for nokon, skal realiserast.<sup>91</sup>

Reservasjonspris er eit uttrykk for den enkelte sine fordelspreferansar som er omtala i ei lovutgreiing knytt til svensk oreigningslovgjeving. Reservasjonspris er der definert som «det lägsta pris till vilket en ägare av en viss fastighet kan tänka sig att vilja sälja fastigheten i öppna förhandlingar utan expropriationshot».<sup>92</sup>

Dersom reservasjonsprisen overstig salsverdi, bruksverdi eller attkjøpsutgifter, jf. orvl. § 4, vil oreigninga bli til ulempe for eigar og Pareto-kriteriet ikkje bli møtt. Problemet er at reservasjonsprisen ikkje er objektivt tilgjengeleg. I Sverige er mangelen på objektivitet

---

<sup>91</sup> Eide/Stavang 2008 s. 109

<sup>92</sup> SOU 2008:99 s. 150

forsøkt løyst ved eit skjematisk tillegg til utmålte vederlag på «25 procent av marknadsvärdet respektive marknadsvärdeminskningen», jf. expropriationslag 4. kap. 1. §.

Den som har interesse av å omsette eigdomsverdien i marknaden må rekne med at salsverdien svarar til betalingsvilja til vanlege kjøparar, sml. orvl. § 5 første leddet. Dersom eigaren er marknadorientert, vil følgeleg marknadsværdi og reservasjonsværdi bli identiske. Dersom eigaren derimot har størst opplevd nytte av eigedomen når den ikkje vert kommersielt utnytta, kan ein vente at reservasjonsprisen vert høgare enn marknadsprisen.

Brukar ein desse vurderingane på fallrettar, vert spørsmålet om falleligar er interessert i å hente ut marknadsværdien av fallet, eller om han er interessert å halde det urørt av kraftutbygging. Dersom falleligar er interessert i å realisere værdien som ligg i kraftmarknaden, fell salsværdi, eventuelt bruksværdi, og reservasjonsværdi saman.

Det er eit gjennomgåande trekk ved vassdragsskjøna etter tusenårsskiftet at falleligarar har påstått at dei ville bygt eller leigd ut alle fall som er faktisk pårekneleg utbyggbare, dersom dei fekk konsesjon. Ein må rekne med at tvangssituasjonen verkar med til påstanden, men det er også ein generell observasjon at interessa frå falleligarar for småkraftutbygging har vore stor, sml. «bonanzaen» referert i punkt 3.2. Interessa kan berre realiserast på vilkåra i kraftmarknaden.

Ein konsekvens av marknadsreformen er soleis at teorien om individuell værdi eller reservasjonspris i utgangspunktet ikkje er eit relevant kriterium for verdsetting av fall nytta til vasskraft.

Broch Hauge konkluderte motsett i si doktoravhandling.<sup>93</sup> Det kan skuldast at ho la til grunn resultatet i Otra-skjønet,<sup>94</sup> medan eg meiner resultatet var basert på feil rettsbruk, jf. punkt 6.4.

---

<sup>93</sup> Broch Hauge 2015 s. 152

<sup>94</sup> *Ibid* s. 169-170

## 5 Hypotetisk påreknelege typetilfelle

### 5.1 Innleiing

Separat utbygging og samla prosjekt er typetilfelle utvikla i rettspraksis.<sup>95</sup>

Det er tale om faktiske typetilfelle som bygger på pårekneleg utnytting av dei konkrete fysiske forholda i det eller dei aktuelle vassdraga. Typetilfella representerer ulike anleggs-konfigurasjonar som krev ulike tilnærmingar til verdivurderinga.

### 5.2 Separat utbyggbart kraftverk

Med separat siktar ein til eit einskilt kraftverksprosjekt basert på eitt nedbørsområde og vassfall, tenkt separert frå eit større vasskraftsystem som avrenninga frå nedbørsområdet potensielt kunne blitt overført til.

Førstvoterande i Uleberg-dommen konkluderte som vist tidlegare, med at naturhestekraftmetoden hadde utspilt sin rolle ved verdsetjing av fall som er separat utbyggbare, og at dei ordinære reglane i ekspropriasjonserstatningslova skulle gjelde.<sup>96</sup>

Vidare i punkt 5 vert det vist at naturhestekraftmodellen heller ikkje har noko rolle der det er pårekneleg med samla prosjekt, dvs. overføringar til eit kraftverk under utbygging. Spørsmålet om naturhestekraftmetoden ved overføring til eksisterande kraftverk har Høgsterett svart annleis på. Det er tema i punkt 6 og 7.

### 5.3 Samla prosjekt

#### 5.3.1 Kløvtveit-skjønet

Alternativet samla prosjekt vart utvikla i rettsprosessen knytt til Kløvtveit-skjønet. Sjå kart i vedlegg 2 for eit oversyn over prosjektet.

---

<sup>95</sup> Sjå om omgrepa i punkt 5.2 og 5.3.2.

<sup>96</sup> Rt. 2008 s. 82 (avsnitt 84)

Kraftverket omfattar tre nedbørfelt. Kløvtveitvatnet er inntaksmagasin. Oreignar eigde fallet frå Kløvtveitvatnet til havnivå, medan det vart gitt oreigningsløyve for falla nedstraums Transdalsvatnet og Austgulstølvatnet. Nedbørfelta til Transdalsvatnet og Austgulstølvatnet er ein del av Yndesdalsvassdraget som elles er verna. Vederlag ved oreigning av dei tilhøyrande falla var skjønets hovudtema.

Høgsterett oppheva det første overskjønet<sup>97</sup> fordi det ikkje gjekk fram av skjønsgrunnane om pårekelegvurderinga var gjort på overtakingstidspunktet i 2006.<sup>98</sup>

Det etterfølgjande overskjønet konkluderte med at verken samla prosjekt eller separate utbyggingar nedstraums Transdalsvatn og Austgulstølvatn var rettsleg pårekelege i 2006.<sup>99</sup> Dei overførte nedbørfelta ville blitt omfatta av vassdragsvernet ved ein eventuell konsesjons-søknad i 2006. Grunnen var at elektrisitetsforsyninga til Gulen ikkje lenger var avhengig av Kløvtveit-prosjektet og Yndesdalsvassdraget ifølgje vernevedtaket hadde «meget stor verdi som typevassdrag».<sup>100</sup>

Lagmannsretten valde å bruke naturhestekraftmetoden.

### 5.3.2 Vurderingstemaet ved samla prosjekt

Det sentrale temaet referert i Rt. 2011 s. 1683 har i ettertid vore pårekelegalternativet samla prosjekt. Samla prosjekt er kjenneteikna ved at fleire separate fall, både utbyggbare og ikkje utbyggbare, samtidig kan inngå i eitt kraftverk og at alle falla vert bygd ut i eitt prosjekt.

Førstvoterande uttalte med bakgrunn i vurderingstemaet gjennomgått i punkt 4.4:

*«Utgangspunktet for fastsettelse av den tapte salgsverdien må være det som ville være påregnelig utnyttelse av eiendommene dersom eksproprianten ikke hadde hatt sitt prosjekt. Dette kan tenkes å være akkurat det samme prosjektet, inkludert den eiendom eller de rettigheter den aktuelle eksproprianten selv måtte sitte på.» (avsnitt 31)*

---

<sup>97</sup> LG-2010-4850

<sup>98</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 36-39)

<sup>99</sup> LG-2011-205374

<sup>100</sup> St.prp. nr. 89 (1984-1985) s. 74



Vurderingstemaet i første setninga forstår eg slik at oreigningsløyvet skal tenkast bort, jf. punkt 4.4.1, og i tillegg tenkjer ein bort tileigningsplanen som svarar til konsesjonen, jf. punkt 6.3.

Førstvoterande si kopernikanske vending, samanlikna med overskjønets juridiske formann og den ankande parten si tilnærming, ligg i andre setninga i det siterte. Når ein hypotetisk spør kva som er pårekeleg utnytting, kan prosjektet utan oreigningsløyvet tenkast inn att i pårekelegvurderinga som eit eventuelt mulig alternativ.

### 5.3.3 Økonomisk rasjonalitet

Overskjønets juridiske formann som var i mindretal, hadde lagt til grunn at verdsettinga berre kunne omfatte grunneigarane sine fallrettar.<sup>101</sup> Førstvoterande i Høgsterett tolka derimot inn i orvl. § 5 at «[v]ed den påregnelighetsvurderingen som skal foretas, må alle parter forutsettes å opptre økonomisk rasjonelt» og la derfor til grunn at også oreignars rett ar kunne inngå om det var rasjonelt.<sup>102</sup> Det er ikkje berre for eigarar eller vanlege kjøparar målestokken er den alminnelege, forstandige og rasjonelle aktør, men også for oreignaren.

Førstvoterande tok utgangspunkt i forhandlingsmaksimen.<sup>103</sup> Den var uttrykt slik i ekspropriasjonserstatningslova av 1973 § 4 nr. 2 i.f.:

*«Det tas [...] ikke hensyn til hvor mye den det eksproprieres til fordel for, på grunn av sitt særlige behov kunne tenkes å ha vært villig til å gi for eiendommen om det ikke hadde foreligget ekspropriasjonsadgang.»*

Ved vedtaking av nogjeldande ekspropriasjonserstatningslov fann ein at regelen vart konsumert av vilkåret om at det er vanlege kjøparar som er skjønstemaet, jf. orvl. § 5 første leddet.<sup>104</sup> Regelen er enno at eigar ikkje får handle som monopolist. Eig ar skal ha vederlag for sitt tap.

Førstvoterande slo i tillegg fast at heller ikkje oreignar får vere monopolist (dvs. monopsonist etter økonomisk teori) og då i kraft av oreigningsløyvet. Når regelen er at skjønsetten skal sjå

---

<sup>101</sup> LG-2010-4850 Lovdata pdf-utskrift s. 12

<sup>102</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 32)

<sup>103</sup> *Ibid* (avsnitt 26 og 33)

<sup>104</sup> Ot.prp. nr. 50 (1982-1983) s. 34

bort frå oreigninga, må den skjøne over korleis ein kjøpar som opptrer økonomisk rasjonelt, ville handla utan den maktposisjonen som oreigningsløyvet gir.<sup>105</sup>

Spørsmålet vert så kva konsekvensar økonomisk rasjonalitet får for vederlaget til eigarane. Meir presist: Korleis skal omsetningsverdien utmålast på den enkelte eigar?

Førstvoterande legg til grunn at salsverdien er det som kan oppnåast for dei samla fallrettane, og at den «fordeles etter den forholdsmessige verdien av den enkeltes rettighet».<sup>106</sup> Dermed står det att å avklare kva som er «verdien av den enkeltes rettighet».

Fordelinga mellom dei ulike rettssubjekta i eit samla prosjekt må avgjerast basert på mikroøkonomisk eller bedriftsøkonomisk teori. Skatte- og avgiftsreglar kan då medføre at den bedriftsøkonomiske tilpassinga vert annleis enn den samfunnsøkonomiske.

Ifølgje mikroøkonomisk teori vil ein produsent tilpasse seg ved å auke tilbodet så lenge grenseinntekta er større enn grensekostnaden. For vasskraft vil det vere marginalt minkande avkastning.<sup>107</sup> For ein vasskraftutbygger vil det bety at ein utnyttar ein ekstra fallressurs viss den auka inntekta forsvorar den auka kostnaden.

Eg bruker ein stilisert versjon av Kløvtveit-utbygginga som døme. Skjønet vart avgjort på eit grunnlag som medførte at retten ikkje tok stilling til utmåling etter samla prosjekt-modellen.

Utbygger eigde Kløvtveit-fallet som var det gunstigaste. Valet utbygger i teorien stod overfor, var om avrenninga frå tilgrensande nedbørfelt burde overførast til magasinet i Kløvtveitvatnet. Utbygger startar med å finne ut om Transdalsvatn eller Austgulstølvatn er det mest optimale førstevalet.

Kløvtveitvatn må senkast 4,5 meter for at Transdalsvatn skal renne over, medan det må senkast 17,5 meter for at Austgulstølvatn skal renne over. Samtidig krev overføring av Austgulstølvatn to tunnellar og eit samanbindande rør på botn av det mellomliggande Vetle Kløvtveitvatn. Eg legg til grunn at sjølv om nedbørfeltet og dermed vassføringa til Austgulstølvatn

---

<sup>105</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 32)

<sup>106</sup> *Ibid* (avsnitt 34)

<sup>107</sup> NOU 2012: 9 s. 189

er større enn Transdalsvatns vil overføringskostnaden og det meir reduserte fallet i Kløvtveitvatn ved overføring av Austgulstølvatn medføre at Transdalsvatn er førstevallet.

Utbyggars vidare vurderingar går ut på å optimalisere tre utbyggingar: Basisalternativet Kløvtveitvatn åleine, deretter Kløvtveitvatn og Transdalsvatn og til sist eit samla prosjekt for alle tre. Desse prosjekta reknar ein noverdi av og finn ut den marginale endringa ved å samanlikne det større med det mindre prosjektalternativet.

Kraftskattereglane m.v. medfører sprangvise kostnadar som får ulik verknad for prosjektalternativa pga. terskelverdiar knytt til effekt og kraftgrunnlag. Reglane finst i skattelova kapittel 18 (grunnrenteskatt, eigedomsskatt, naturressursskatt), eigedomsskattelova § 8 B flg., vassfallskonsesjonslova § 2 tredje leddet nr. 12 og vassdragsreguleringslova (vregl.) § 12 nr. 15 (konsesjonskraft) og vassfallskonsesjonslova § 2 tredje leddet nr. 13, vregl. § 11 og vrl. § 19 andre leddet i.f. (konsesjonsavgift).

Basert på m.a. grunnrenteskattereglane på overtakingstidspunktet i desember 2006, jf. orvl. § 10 andre punktum, hadde basisalternativet med eit elvekraftverk som berre produserte frå Kløvtveitvatn, ein klart positiv noverdi. Overføringane som medførte passering av lovbestemte tersklar for konsesjonskraft og grunnrenteskatt, var marginale eller gav eit negativt bidrag til noverdien.<sup>108</sup>

Under føresetnad av økonomisk rasjonalitet ville ei fordeling «etter den forholdsmessige verdien av den enkeltes rettighet»<sup>109</sup> gitt tilnærma all noverdi til falleigaren frå Kløvtveitvatn til sjø.

Førstvoterande valde å ikkje gå inn i «de spørsmål som kan oppstå der et samlet prosjekt legges til grunn, og det foreligger fall som ville ha vært separat utbyggbare».<sup>110</sup> Spørsmålet viste seg å vere relevant ved at hovudfallet i Kløvtveit-skjønet var faktisk separat utbyggbart. Lagmannsretten ved andre gang overskjøn uttalte at det også var rettsleg pårekneleg.<sup>111</sup>

Det generelle problemet er at enkelte falleigarar kan få høgare vederlag basert på separat utbygging enn ved å få ein del i eit samla prosjekt. Dei har krav på det høgste vederlaget, jf.

---

<sup>108</sup> Saksutgreiing lagt fram i retten.

<sup>109</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 34)

<sup>110</sup> *Ibid*

<sup>111</sup> LG-2011-205374 s. 15

orvl. § 4. Dersom andre falleigarar ikkje ser seg tent med å etterkome kravet, fell samla prosjekt bort som pårekneleg utnytting.

### **5.3.4 Gir samla prosjekt eigar meir enn verdien på hans hand?**

Problemstillinga er om samla prosjekt-modellen kjem i konflikt med det alminnelege oreigningsrettslege prinsippet at berre økonomisk tap skal erstattast, jf. punkt 4.4.4.

Det første overskjønet fordelte nettoverdien mellom falleigarane relativt til vassføringa.<sup>112</sup> Falleigarane tok det som utgangspunkt, og hevda i det andre overskjønet at alle falla skulle handsamast likt.<sup>113</sup>

Spørsmålet er kva verdiar som er på den enkelte eigaren si hand. Er det ein del av prosjektets nettoverdi svarande til vassføringa frå fallet han eig eller er det knytt til den delen av nettoverdien som kjem frå fallet han eig?

Dersom førstvoterande i Kløvtveit-dommen sin uttale om den «forholdsmessige verdien av den enkeltes rettighet» skal tolkast som ein del tilsvarande vassføringa ser ein bort frå at dei enkelte falla har ulik kostnad.<sup>114</sup> Det ville gitt ei økonomisk vilkårleg løysing som ikkje kan godtakast under vilkår om økonomisk rasjonalitet.

Konklusjonen er at marginaltilnærminga er naudsynt om ein ikkje skal kome i konflikt med det alminneleg oreigningsrettslege prinsippet om at vederlaget skal gje dekning for eigar sitt økonomiske tap.

### **5.3.5 Gir samla prosjekt del i «verdiendringar som kjem av oreigningstiltaket»?**

Orvl. § 5 tredje leddet krev at det ikkje skal «takast omsyn til verdiendringar som kjem av oreigningstiltaket».

Det er ein klar årsakssamanheng («kjem av») mellom verdisettinga etter ein samla prosjektmodell og oreigningstiltaket (overføringane), jf. legaldefinisjonen i orvl. § 2 bokstav b.

---

<sup>112</sup> LG-2010-4850 Lovdata pdf-utskrift s. 16

<sup>113</sup> LG-2011-205374 s. 11

<sup>114</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 34)

Ordlyden av føresegna sett isolert tyder på at samla prosjekt-modellen ikkje kan brukast.

Førstvoterande avviste tolkinga ved å vise til at utgangspunktet er pårekeleg utnytting sett bort frå oreigningstiltaket.<sup>115</sup> Eit felles prosjekt kunne då ha kome til på frivillig grunnlag.

Den reelle lovgrunnen for føresegna er ifølgje juridisk teori omsynet til å unngå dobbeltbetaling.<sup>116</sup> Det ville blitt dobbeltbetaling dersom oreignar først kosta overføringa og deretter vart plikta til å gje falleligarane forholdsvise delar i nettovinsten basert på t.d. vassføring. For å unngå dobbeltbetaling må ein nytte marginalverdiar som utgangspunkt for fordelinga.

Omsynet bak orvl. § 5 tredje leddet gir eit rettskjeldegrunnlag for å nytte marginaltilnærminga ved deling av vederlaget.

## **5.4 Oppfølging av Høgsteretts føringar i skjønnspraksis**

### **5.4.1 Innleiing**

Skjønnsprosessreglane fører til at Høgsterett ofte vil gje avklaring av rettslege spørsmål og så vise saka til nytt overskjøn. Det kan ha interesse å sjå på korleis skjønnsrettane følgjer opp dei føringane Høgsterett gjev, når dette skal nyttast på dei konkrete tilfella. Målet er å evaluere skjønnsrettane sin bruk av typetilfella og pårekelegvurderingane ved stikkprøver.

### **5.4.2 Ringedal-skjønet**

#### **5.4.2.1 Skjønnsobjektet og resultatet**

Ringedal-skjønet vart sagt 17.10.2014 i Hardanger tingrett med saksnr. 13-205187SKJ-HARD (upublisert). Det gjaldt fastsetting av vederlag for 9,8 % av fallet i Mosdalsbekken i Odda kommune som var planlagt utnytta i eit elvekraftverk. Sjå kart i vedlegg 5. Utbyggjar og oreignar eigde dei andre 90,2 % av fallet.

---

<sup>115</sup> Rt. 2011 s. 1683 (avsnitt 31)

<sup>116</sup> Stordrange/Lyngholt 2000 s. 119

Skjønnsretten delte seg i eit fleirtal (tre skjønsmenn) som fann støtte i det som vart kalla samarbeidsmodellen, og eit mindretal (fagdommar og ein skjønsmann) som bygde på at fallet var separat utbyggbart.

Utbygginga av Ringedalen kraftverk skil seg frå samla prosjekt ved at det berre var eitt nedbørfelt, dvs. ingen overføringar. Anleggskonfigurasjonen likna soleis på separat kraftverk.

#### **5.4.2.2 Økonomisk rasjonalitet og «samarbeidsmodellen»**

Det skal visast at fleirtalet i skjønnsretten nemnde resultatet samarbeidsmodellen, men truleg sikta til økonomisk rasjonalitet.

Skjønnsretten uttalte at «[v]alet mellom "separat utbyggbar- modellen" og "samarbeidsmodellen" for erstatningsutmålinga får ikkje direkte betydning for sjølve utmålinga».<sup>117</sup>

Uttalen viser for det første at når det skal skjønast over fallrettar i same fallstrekninga har samla prosjekt-modellen si marginaltilnærming i utgangspunktet liten relevans. At fallstrekninga med fleire falleigarar er separat utbyggbar, er tilstrekkeleg for å konstatere påreknlege utnytting.

Fleirtalet grunn gav samarbeid med Kløvtveit-dommen der økonomisk rasjonalitet frå alle partar er ein premiss for samla prosjekt. Mindretalet argumenterte for økonomisk rasjonalitet ved å vise til Bersåvatn-skjønet (LG-2007-146016) der eit separat fall var delt mellom oreignar og grunneigarane. Overskjønet la der også til grunn at oreignar ville opptre økonomisk rasjonelt og samarbeide.<sup>118</sup>

Ringedal-skjønet gir eit døme på at kravet om at alle partar skal vurderast som ein alminneleg, forstandig og rasjonell aktør, gjeld generelt ved påreknlegvurderinga og uavhengig av anleggskonfigurasjonen. Samarbeid i meininga at aktørane opptre økonomisk rasjonelt, står fram som ein alminneleg oreigningsrettsleg regel.

Bakgrunnen for omgrepet samarbeidsmodell er truleg at det oftast er fleire falleigarar når det er fall frå fleire nedbørfelt. Men det er også ofte vere fleire eigarar av eit fall nedstraums same nedbørfeltet, dvs. i eitt separat vassfall.

---

<sup>117</sup> 13-205187SKJ-HARD s. 16

Samarbeidsmodell er ikkje ei velegna nemning dersom ein vil karakterisere modellen til forskjell frå separat utbygging.

### 5.4.2.3 Betydinga av investeringsgrensa

Investeringsgrensa kan definerast som det høgaste tal kroner per kWh i middelårsproduksjon som kan investerast i prosjektet føresett at det skal vere lønsamt. Investeringsgrensa varierer av objektive tilhøve slik som om kraftverket må svare grunnrenteskatt og konsesjonskraft og av subjektive grunnar som utbyggars avkastningskrav og kva kraftpris- og elsertifikatprisprognoser han legg til grunn.

Eitt vitne sette investeringsgrensa for prosjekt med grunnrenteskattlegging til 3,5 NOK/kWh og eit anna til 4,30-4,40 NOK/kWh. Utbyggjar estimerte byggekostnaden til 4,39 NOK/kWh og meinte prosjektet var marginalt, dvs. at investeringsgrensa var like over eller på byggekostnaden. Skjønsretten opplyser at den har sett nærare på kva samanliknbare anlegg har vorte omsett for, utan å dokumentere det med spesifiserte samanlikningskontraktar (som ikkje oppfyller kravet i Rt. 2008 s. 82 avsnitt 88), og måler deretter ut vederlaget basert på ei investeringsgrense på 4,70 NOK/kWh.<sup>119</sup>

Skjønsretten reduserte estimert byggekostnad ved å korte inn byggetida. Det resulterte i ein byggekostnad på 4,30 NOK/kWh. Differansen på 0,40 NOK/kWh multiplisert med venta årsproduksjon på 54,7 GWh gav ein noverdi av prosjektet på 22 mill. kroner. Sameiget sin del på 9,8 % gav eit vederlag på knappe 2,7 mill. kroner inkludert meirvederlag på 25 %, jf. vrl. § 51 andre leddet. Vederlaget vart gjort om til årlege beløp, jf. vrl. § 51 fjerde leddet.

Reknestykket har likskapstrekk med det som vart nytta i det oppheva overskjønet i Uleberg.<sup>120</sup> Det er eit par påfallande forskjellar.

Den eine er at investeringsgrensa auka frå 2,50 i Uleberg i 2004 til 4,70 NOK/kWh i Ringedalen i 2014. Det kan reflektere marknadsutviklinga.

Den andre forskjellen er at overskjønsretten i Uleberg gjorde eit frådrag for prosjektets risikobilete og utbyggars avkastningskrav før den delte fall- eller prosjektverdien 50/50 på utbyggjar

---

<sup>119</sup> *Ibid* s. 14 og 16-17

<sup>120</sup> LA-2005-126434

og falleigar, medan skjønnsretten i Ringedalen ikkje drog frå noko for risiko og avkastning og lét heile prosjektverdien gå til falleigar (som sameiget fekk sine 9,8 % av). Det kan skuldast at retten meinte kompensasjon for risiko og avkastning var innebygd i omsetningsverdien på 4,70 NOK/kWh. Dette er problematisk fordi risikoelement knytt til utbygging, produksjonsvolum og drift, i større grad er avklart ved kjøp av eit igangverande kraftverk enn for eit utbyggingsprosjekt.

### 5.4.3 Smibelg/Storåvatn-skjønet

#### 5.4.3.1 Skjønnsobjekta og resultatet

Smibelg og Storåvatn er to kraftverksprosjekt som ligg på høvesvis sør- og nordsida av fjorden Gjervalen, hovudsakeleg i Rødøy kommune på Helgeland. Sjå kart i vedlegg 3.

Kvart av kraftverka har omfang om lag tre gongar Kløvtveit kraftverk, men det er elles generell likskap m.t.p. anleggskonfigurasjon. Smibelg og Storåvatn er to typiske samla prosjekt.

Under- og overskjøn målte ut fallvederlag basert på naturhestekraftmetoden. Separat utbygging for enkeltfalla var ifølgje fleirtalet i lagmannsretten ikkje rettsleg pårekeleg pga. kravet om optimal ressursutnytting, sml. punkt 6.4. Samla prosjekt vart vurdert som ikkje faktisk pårekeleg.<sup>121</sup>

#### 5.4.3.2 Faktisk pårekelegvurdering. Objektivisert vurdering

Grunnlaget for at samla prosjekt ikkje var pårekeleg var vurderinga Høgsterett gjorde i Otra II-dommen.<sup>122</sup>

*«I nærværende sak ville en felles utnyttelse av de samlede fallene ha en helt annen karakter enn i Kløvtveitdommen. Dette har sammenheng med at Otra Krafts eksisterende kraftanlegg vil inngå i fellesprosjektet. [...] mye taler for at antall berørte falleiere – som vil være flere*

---

<sup>121</sup> LH-2014-92631

<sup>122</sup> Rt. 2013 s. 612 (avsnitt 68-70) som overskjønnet (LH-2014-92631 s. 15-16) refererte til via underskjønnet (12-166174SKJ-RANA s. 41-42)



*hundre - og kompleksitet, kostnader og risiko i et fellesprosjekt med en eksisterende utbygging som her, ville vanskeliggjort realiseringen av en slik modell.» (Avsnitt 70)*

Det sentrale faktiske forholdet som ligg til grunn for dette argumentet, er at samla prosjektmodellen ved Brokke nord/sør-prosjektet ville hatt ein helt annan karakter enn i Kløvtveit-prosjektet. Kløvtveit var ei samla nybygging av kraftverk og overføringar slik som Smibelg og Storåvatn. Brokke nord/sør-prosjektet var derimot ei utviding av det eksisterande Brokke kraftverk. Den sentrale faktaforskjellen er knytt til kompleksiteten i ei teknisk-økonomisk integrering i eit eksisterande kraftverk. Dette er forskjellen mellom situasjonane samla prosjekt (punkt 5.3) og overføring til eksisterande kraftverk (punkt 6). Det ser ikkje ut som lagmannsretten har lagt vekt på forskjellen.

Førstvoterande i Otra II legg også vekt på talet på rettshavarar som var fleire hundre, medan Smibelg/Storåvatn legg *all* vekt på talet på rettshavarar og uklare eigedomsgrenser.

Vurderinga skjønnsretten gjorde i Smibelg/Storåvatn reiser spørsmålet om kor langt rettsnormen om ei objektivisert vurdering rekk. Skjønnspraksis kan synast å legge stor vekt på manglande samarbeidsevner mellom eigarar, medan Høgsteretts føringar i Kløvtveit-saka er klare på at det er den alminnelege, forstandige grunneigar som presumptivt er økonomisk rasjonell, som er målestokken.

Høgsterett tenderar i retning av at skjønstemaet er ein versjon av *homo economicus* som åtferdsøkonomien ikkje nødvendigvis støttar.<sup>123</sup> Ein kan spørje om retten bevegar seg for langt frå «vanlege kjøparar», jf. orvl. § 5 første leddet. Vanlege kjøparar av vassfall med ei presumptivt forretningsmessig innstilling bør ein likevel kunne legge til grunn er økonomisk rasjonelle. Når skjønnsretten omtalar eit samla prosjekt som «[r]ent teoretisk», kan den likevel gi inntrykk av å meine at den grada av økonomisk rasjonalitet er meir enn ein kan vente av ein alminneleg, forstandig eigar.<sup>124</sup>

Høgsterett har i Otra II gitt ei viss innrømming til den skjønspraktiske tilnærminga. Men Otra II gjaldt for typetilfellet overføring til eksisterande kraftverk, medan Smibelg/Storåvatn var eit typisk samla prosjekt. Skjønnsretten si parallelltolking mellom Otra II og Smibelg/Storåvatn er derfor problematisk.

---

<sup>123</sup> [https://en.wikipedia.org/wiki/Homo\\_economicus](https://en.wikipedia.org/wiki/Homo_economicus)

<sup>124</sup> LH-2014-92631 s. 15

Det kan synast å vere ei spenning mellom Høgsteretts føringar og skjønnspraksis.

Smibelg/Storåvatn-skjønet dokumenterer inga bevisføring knytt til vederlagsutmåling i samla prosjekt. Utmåling av fallvederlag under føresetnad av økonomisk rasjonalitet med ein estimert utbyggingskostnad på 6,18 NOK/kWh (1,3 mrd. NOK / 210 GWh).<sup>125</sup> ville elles bydd på vanskar med investeringsgrensene referert i punkt 5.4.2.3.

## 5.5 Oppsummerande vurdering

Den praktiske verdien av samla prosjekt-modellen er uavklart i skjønnspraksis.

Modellen har hittil ikkje blitt brukt til utmåling av fallerstatning ved parallelltolking av Kløvtveit-dommen. Den kan vere krevjande å bruke, men tolka etter retningslinene framom her er den i samsvar med økonomisk rasjonalitet.

Kløvtveit-dommen nyttar orvl. § 5 som heimel. Det kan stillast spørsmål om salsverdivederlag er praktiserbart i samla prosjekt-modellen.

Kvart prosjekt vil vere sopass unikt med ulike marginalverdiar for det einskilde nedbørfeltet at det neppe er praktisk å finne samanlikningskontraktar. Vilkåret «vanlege kjøparar» i orvl. § 5 første leddet verkar heller ikkje praktisk når oreignar er einaste tenkelege kjøpar innanfor modellen.

Det er nærliggande å tenkje at bruksverdiregelen (orvl. § 6) er den mest relevante heimelen.

Det største problemet oppstår truleg når ein falleigar har eit svært lønsamt separat utbyggbare alternativ på hand. Er han økonomisk rasjonell vil han krevje den verdien og då kan det bli lite på andre falleigarar.

---

<sup>125</sup> Vedlegg 3.2

## 6 Hypotetisk påreknelegvurdering ved arealplan eller vassdragskonsesjon

### 6.1 Innleiing

Den overordna problemstilling i punkt 6 er om separat kraftverk eller samla prosjekt kan inngå i ei hypotetisk påreknelegvurdering ved utmåling av vederlag for vassfall overført til eksisterande kraftverk.

Prosjektet Brokke nord/sør i Otravassdraget i Setesdalen vert brukt som døme på ny overføring til eit eksisterande kraftverk, sml. kart i vedlegg 4. Tvistetemaet ved to handsamingar for Høgsterett var vederlag ved oreigning av fall i to elvar.

Eitt spørsmål i Otra I var «om det beror på en riktig rettsanvendelse når lagmannsretten har gitt erstatning for alternativ utnyttelse av fallene til småkraftverk, selv om de offentlige utbyggingsplanene for vassdraget ville være til hinder for slik separat utbygging».<sup>126</sup> Fleirtalet konkluderte med at rettsbruken var riktig.<sup>127</sup>

Otra II gjaldt likevel «prinsippene for fastsettelse av erstatning ved ekspropriasjon av fallrettigheter hvor separat utbygging til småkraftverk ikke er påregnelig».<sup>128</sup> Otra II er handsama i punkt 7. Den paradoksale vendinga frå at alternativ utnytting til småkraftverk var riktig rettsbruk til at det ikkje var pårekneleg, vert handsama her i punkt 6.

### 6.2 Bindande arealplan

Bruk som ikkje er lovleg, er i utgangspunktet ikkje rettsleg pårekneleg.<sup>129</sup>

Kommune- og reguleringsplanen er rettsleg bindande, jf. plan- og bygningslova (plb.) §§ 11-6 og 12-4, og gir i dei fleste tilfella det korrekte biletet av pårekneleg bruk.<sup>130</sup>

---

<sup>126</sup> Rt. 2010 s. 1056 (avsnitt 1)

<sup>127</sup> *Ibid* (avsnitt 48)

<sup>128</sup> Rt. 2013 s. 612 (avsnitt 1)

<sup>129</sup> Rettstilstanden er summert opp i Rt. 1998 s. 1140 (s. 1160).

<sup>130</sup> Myklebust 2013 s. 437

Det er tapet pga. oreigninga, jf. plb. § 16-2, som eigar har krav på vederlag for. Eigar har ikkje krav på vederlag pga. reguleringsplanen sine føresegner dersom det ikkje føreligg særlege grunner, jf. plb. § 15-3. Derfor ligg reguleringsplanen i utgangspunktet til grunn for pårekelegvurderinga.<sup>131</sup>

Det er to unntak frå utgangspunktet; strøksprinsippet og tileigningsplanar.<sup>132</sup> Strøksprinsippet gjeld utjamna pris og har liten relevans for oppgåva,<sup>133</sup> medan tileigningsplanar er sentralt.

## 6.3 Unntaket for tileigningsplanar

### 6.3.1 Vassdragskonsesjon som tileigningsplan

Spørsmålet er om ein vassdragskonsesjon har rettsverknad som tileigningsplan.

Basert på førstvoterande i Lena-dommen er kjernevilkåra i omgrepet tileigningsplan at det er ein «plan som det eksproprieres på grunnlag av», og at «utbyggingsverdien ... overføres».

Rettsverknaden er at det skal skjønast over kva utnytting som ville vore pårekeleg utan planen og tiltaket.<sup>134</sup> Rettsverknaden er følgjeleg ei vidareføring av den hypotetiske vurderinga som skal gjerast ved at rettsbrukaren ser bort frå oreigninga, jf. punkt 4.4.1.

Ein rettsverknad av reguleringsplanar er at dei er grunnlag for oreigning, jf. plb. § 16-2. Reguleringsplanar er derfor tileigningsplanar når planen medfører at utbyggingsverdien vert overteken.

Etter plan- og bygningslova § 12-1 tredje leddet i.f. vart sett i kraft 1.7.2009 gjeld det ikkje krav til reguleringsplan for konsesjonspliktige anlegg for produksjon av energi etter energilova, vassressurslova eller vassdragsreguleringslova. Føresegnene i lova gjeld for vassdrag, jf. plb. § 1-2 første leddet.<sup>135</sup> Konsesjonsvedtaket går inn i reguleringsplanen sine funksjonar, jf. plb. § 6-4 tredje leddet og vrl.§ 22 fjerde leddet.

---

<sup>131</sup> Stavang 2015 s. 262

<sup>132</sup> NOU 2003: 29 s. 15-30. Stordrange 2007 s. 109.

<sup>133</sup> Rt. 2009 s. 740 (avsnitt 43-48)

<sup>134</sup> Rt. 1996 s. 521 (s. 540). Omgrepet er kritisert, jf. NOU 2003: 29 s. 56-58. Tileigningsplan vert brukt her fordi det er innarbeidd i rettspraksis og teori.

<sup>135</sup> Nore Nyhus note 253 hovudrevidert 19.11.2015.

Konsesjon etter vassdragsreguleringslova gir direkte oreigningsverknad.<sup>136</sup> Det er klart at ein slik konsesjon overoppfyller kravet om at planen må vere grunnlag for oreigning og at utbyggingsverdien i tillegg vert overført ved oreigninga.

Regjeringa har føreslått tilsvarande heimelsgrunnlag i revidert vassdragsreguleringslov som i vassressurslova, jf. vrl. § 51 tredje leddet jf. oreigningslova § 2 første ledd nr. 51.<sup>137</sup>

Sjølv om det må gjerast eige oreigningsvedtak vil det som departementet skriv «ha nær sammenheng med konsesjonen og fattes samtidig».<sup>138</sup> Vassdragslovgjeving bruker ikkje uttrykket oreigning «til gjennomføring» av tileigningsplanen, jf. plb. § 16-2. Det er likevel klart at når vasskraftutbygginga er konsesjonspliktig, jf. vrl. § 8 jf. § 19, så vert oreigningsvedtaket gjort for å gjennomføre det konsesjonsgitte tiltaket.

Vassdragskonsesjonar er «plan[er] som det eksproprieres på grunnlag av» og «utbyggingsverdien ... overføres» frå grunneigar til utbyggar med oreigningsløyve. Vassdragskonsesjonar er derfor tileigningsplanar med tilhøyrande rettsverknadar.

### 6.3.2 Offentlegvilkåret

Ifølgje juridisk teori inneber tileigningsplanar «overtakelse til det vi tradisjonelt har kalt offentlig utbygging og bruk».<sup>139</sup> Ekspropriasjonserstatningsutvalgets forslag til lovfesting nytta også offentlegvilkåret.<sup>140</sup>

Spørsmålet er om det er eit reelt grunnlag for offentlegvilkåret.

Vilkåret om at planen må gjelde overtaking til offentlig utbygging og bruk bygger, på ei parallelltolking av m.a. Lena-dommen som gjaldt fastlegging av vederlag for oreigning til ny riksveg 33 på Lena. Parallelltolkinga har blitt strekt til stendig nye områder.<sup>141</sup>

På bakgrunn av Steinerskole-dommen<sup>142</sup> er det i juridisk teori blitt uttalt «at ikke-økonomisk privat virksomhet eller allmennyttig privat virksomhet normalt må likestilles med offentlige

---

<sup>136</sup> Prop. 117 L (2016-2017) s. 73

<sup>137</sup> *Ibid* s. 79

<sup>138</sup> *Ibid*

<sup>139</sup> Stordrange 2007 s. 109

<sup>140</sup> NOU 2003: 29 s. 117

<sup>141</sup> Pedersen 2010 m.fl. s. 469-471

reguleringsformål».<sup>143</sup> Etter Otra I-dommen er det likevel ikkje av betydning at det er «store økonomiske interesser – herunder næringsinteresser knyttet til utbyggingen».<sup>144</sup>

Førstvoterande i Otra I konkluderte med at offentlegvilkåret var oppfylt.<sup>145</sup> At Brokke nord/sør var eit offentleg anlegg, vart grunngeve med at oreigninga skjedde «for å ivareta også vesentlige samfunnsinteresser, og til fordel for offentlige aktører».

Konsesjonærene i saka var i hovudsak eigd av offentlege aktørar, men vassdragskonsesjonærar kan ha inntil ein tredel private investorar, jf. vassfallskonsesjonslova § 2 første leddet. Dersom vassfallet gir 4.000 naturhestekrefter eller mindre, kan konsesjonæren vere fullt ut privat eigd, jf. vassfallskonsesjonslova § 1 andre leddet. Det verkar påfallande at private del-eigarar oppfyller offentlegvilkåret, og om det skal svarast ulikt på om unntaket for tileigningsplanar vert gjeldande avhengig av talet på naturhestekrefter.

Høgsterett utvidar i Otra I tolkingsrommet for omgrepet offentleg anlegg.

Rettspraksisen reiser spørsmålet om kva som er føremålet med offentlegvilkåret.

I det sentrale avsnittet av Lena-dommen<sup>146</sup> på side 540 uttalar førstvoterande, - etter å ha omtalt friområde og slått fast utgangspunktet i bindande arealplan:

*«... annerledes blir det etter mitt syn når det offentlige innenfor områder som ikke etter arealplan generelt skal holdes fri for utbygging, regulerer grunn til offentlige anlegg, slik som veier, og så går til ekspropriasjon på grunnlag av planen. ... Er da situasjonen at det [e]r påregnelig at den grunn som veien beslaglegger kunne ha vært utnyttet til annen utbygging dersom veiplanen ikke var kommet, representerer utbyggingen til offentlig vei en alternativ, konkurrerende utnyttelse i forhold til den utbygging eieren kunne ha foretatt. Man kan se det slik at utbyggingsverdien som arealet har, overføres fra den private eier til det offentlige. Jeg anser det da vel begrunnet, og også best stemmende med budet i Grunnloven § 105 om full*

---

<sup>142</sup> Rt. 2006 s. 473 (avsnitt 40)

<sup>143</sup> Stavang 2015 s. 283

<sup>144</sup> Rt. 2010 s. 1056 (avsnitt 46-48)

<sup>145</sup> *Ibid*

<sup>146</sup> Rt. 1996 s. 521

*erstatning ved tvungen avståelse, at det sees bort fra den plan som det eksproprieres på grundlag av, slik det etter mitt syn følger av lov og praksis.»*

Det er etter denne uttalen eit vilkår for å oppfylle grunnlovsbodet om fullt vederlag at ein ser bort frå tileigningsplanen ved påreknelegvurderinga. Grunngevinga er at oreignar tileignar seg eigedomens utbyggingsverdi.

Føremålet i saka var offentleg, men det sentrale omsynet er at når utbyggingsverdien av eigedomen vert tileigna, må ein sjå bort frå tileigningsplanen for å oppfylle grunnlovsbodet om fullt vederlag. Tileigning av utbyggingsverdien gjeld regelmessig, og kanskje i enno større grad, når det vert oreigna til private føremål.

Offentlevilkåret verkar ikkje å ha eit klart føremål, det rettslege innhaldet er upresist og gir rettssubjekta svært dårleg grunnlag for å vurdere rettsstillinga på førehand. Det er problematisk sett opp mot det forvaltningsrettslege legalitetsprinsippet, jf. Grunnlova § 113, og presisjonskravet etter EMK.<sup>147</sup>

Etter mitt syn tilseier omsynet til rettsleg koherens at ein bør forlate parallelltolkinga og i staden nytte Lena-dommens anførte *ratio decidendi*. Regelen er då at dersom oreignar overtek eigedomens utbyggingsverdi, skal ein ved påreknelegvurderinga sjå bort frå planen det vert oreigna på grunnlag av.

Dette bør supplerast med førstvoterande i Kløvtveit-dommen si kopernikanske vending, jf. punkt 5.3.2: Prosjektet som planen opnar for, kan tenkast inn att som ein av fleire alternative påreknelege utnyttingsmåtar.<sup>148</sup>

## **6.4 Krav til optimal ressursutnytting**

### **6.4.1 Innleiing**

Det er vist at vassdragskonsesjonar er tileigningsplanar. Rettsverknaden er at det skal skjønast over kva utnytting som ville vore pårekneleg utan planen og tiltaket. Det skjedde ikkje i retts-

---

<sup>147</sup> Sunday Times mot Storbritannia (avsnitt 49)

<sup>148</sup> Anja Ankerud argumenterer i same retning, men på anna grunnlag i Stavang 2015 s. 295 flg.

prosessen referert i Otra-domane. Årsaka er at rettsbrukarane etablerte eit tilleggskrav knytt til omgrepet optimal ressursutnytting.

For å forstå utviklinga er det nødvendig å starte med å analysere bruken av Høgsterett og lagmannsretten sin prosessuelle kompetanse.

## 6.4.2 Prosessuelle forhold

Det skal her analyserast korleis Høgsterett overheldt skjønnsprosesslova § 38 og lagmannsretten i det etterfølgjande overskjønnet tvistelova § 30-14 jf. § 30-3 første leddet jf. § 29-24 andre stykke i.f. (jf. skjønnsprosesslova § 2 første leddet) som også følgjer av prejudikatlæra.

Rettsgrunnlaget medfører at Høgsterett berre kan handsame rettsbruken og sakshandsaminga i overskjønnet, jf. skjønnsprosesslova § 38 første leddet første punktum. Bevisvurderinga er følgeleg utanfor Høgsteretts kompetanse.

Høgsterett oppheva 15.9.2010 overskjønnet (LA-2008-29575) fordi fleirtalet på fire domarar fann skjønnsgrunnane mangelfulle m.t.p. ein framtidig elsertifikatmarknad.<sup>149</sup>

Førstvoterande grunnga at han vurderte overskjønnets bevisvurdering med at det ikkje var «tale om bevisbedømmelse i en mer tradisjonell forstand, men om en prognose om utfallet av en pågående og kompleks politisk prosess».<sup>150</sup> Skjønnsgrunnane var mangelfulle «[i] lys av det særegne bevistema som forelå for lagmannsretten, og størrelsen på de erstatninger som lagmannsretten har tilkjent».<sup>151</sup>

Grunngjevinga går etter mi forståing på kvaliteten av lagmannsrettens faktiske bevisvurdering, som er utanfor Høgsteretts kompetanse etter skjønnsprosesslova § 38.

Andrevoterande støtta førstvoterande i spørsmålet om elsertifikat og uttalte at det var «en klar mangel at lagmannsretten ikke drøfter om drift basert på denne type overskudd – uavhengig av om de i seg selv måtte være påregnelige – realistisk kan forvente å få konsesjon». Uttalen legg til grunn at vassdragsmyndigheita i sitt forvaltningskjøn ved handsaming av konsesjons-

---

<sup>149</sup> Rt. 2010 s. 1056 (avsnitt 52 og 55)

<sup>150</sup> *Ibid* (avsnitt 50). Elsertifikatlova vart vedteken 9.6.2011. Prosessen mellom Noreg og Sverige inneheldt ei forståing av 27.6.2008, ein overeinskomst av 7.9.2009, ein protokoll av 8.12.2010 og ein avtale av 29.6.2011, jf. TRA-2011-06-29-12 fortalen.

<sup>151</sup> *Ibid* (avsnitt 52)



søknaden vektlegger det negativt at økonomien i tiltaket er basert på sal av elsertifikat, sml. elsertifikatlova § 6.

Resonnement til andrevoterande krev at vassdragsmyndigheitene overser lovgjevar sitt føremål med elsertifikatlova, som er «å bidra til økt produksjon av elektrisk energi fra fornybare energikilder», jf. § 1. Det er vist til føremålet i overskjønet.<sup>152</sup>

Forvaltninga sin kompetanse ved forvaltningsskjøn skal supplerast med andre aktuelle føresegner på same nivå.<sup>153</sup> Elsertifikatlova bind derfor vassdragsmyndigheita i skjønnsutøvinga ved konsesjonsvurderingar.

Når andrevoterande føreset at vassdragsmyndigheita vektlegg det negativt at drifta av eit konsesjonssøkt kraftverk er basert på elsertifikat har ho etter mi vurdering eit standpunkt som er feil rettsbruk. Det ber preg av at retten handsama saka utan direkte bevisføring.

Tredjevoterande viste til lagmannsrettens handsaming over to sider som konkluderte med «klar» og «overveiende» sannsynsovervekt, og uttalte at overskjønet tilfredsstilte krava til skjønnsutøving. For førstvoterande var det på andre sida «uklart hvilke krav til realisme og påregnelighet lagmannsretten har stilt». Tredjevoterande konkluderte med at «[d]et konkrete skjønnet kan Høyesterett ikke prøve».<sup>154</sup>

Konklusjonen må bli at fleirtalet i Høgsterett i beste fall strekte sin prosessuelle kompetanse etter skjønnsprosesslova § 38 svært langt.

Då lagmannsretten sa det etterfølgjande overskjønet 21.6.2012 hadde elsertifikatlova verka i eit halvår.<sup>155</sup> Lagmannsretten skulle legge til grunn avheimlingstidspunktet, jf. orvl. § 10 første punktum. Den kunne derfor ikkje bygge på opphevingsgrunnen slik tvistelova § 29-24 krev, utan å kome til liknande resultat som det oppheva overskjønet. Elsertifikatspørsmålet er ikkje nemnt i skjønet.

---

<sup>152</sup> LA-2008-29575 Lovdata PDF-utskrift s. 20

<sup>153</sup> Eckhoff/Smith 2010 s. 385

<sup>154</sup> Rt. 2010 s. 1056 (avsnitt 68-69)

<sup>155</sup> LA-2010-181441

Andrevoterande i Otra I fann også, denne gongen med tilslutning frå tredjevoterande, at skjønsgrunnane var mangelfulle pga. at «den konkrete påregnelighetsvurderingen som er forutsatt i Rt-1996-521 (Lena) på side 540», ikkje var gjort.<sup>156</sup>

Førstvoterande som fekk fleirtalet, uttalte derimot at det gjekk fram «at lagmannsretten mener at konsesjon for separat utbygging i utgangspunktet var realistisk og påregnelig». Han grunn gav standpunktet med «at hensynet til optimal ressursutnyttelse er vurdert opp mot konsesjonsspørsmålet».<sup>157</sup>

Det etterfølgjande overskjønet tolka alle tre separatvoterande slik at det eksisterer eit krav til optimal ressursutnytting som skal vektleggast i påreknelegvurderinga. Lagmannsretten bygde på «kravet til optimal ressursutnyttelse som konsesjonsmyndighetene skal følge ved vurderingen av om et utbyggingsprosjekt skal få konsesjon eller ikke».<sup>158</sup>

Sjølv om lagmannsretten ikkje følgde «den rettsopfatning som lå til grunn for ... [Høgsteretts] opphevelse», jf. tvl. § 29-24, så følgde den eit rettssyn Høgsterett hadde uttalt.

Lagmannsretten konkluderte med at berre overføring var pårekneleg utnytting trass i at Høgsteretts-fleirtalet i Otra I hadde akseptert skjønsgrunnane i første overskjønet som konkluderte med separat utbygging.

Grunneigarane anka rettsbruken til Høgsterett,<sup>159</sup> men ankeutvalet fremja ikkje spørsmålet om rettsbruken knytt til pårekneleg utnytting, berre spørsmålet om naturhestekraftmetoden.<sup>160</sup> Førstvoterande i Otra II-dommen uttalte likevel støtte til lagmannsretten sin rettsbruk knytt til optimal ressursutnytting.<sup>161</sup> Grunneigarane klaga til EMD, men klaga vart avvist.<sup>162</sup>

### 6.4.3 Materielt om optimal ressursutnytting

Det er på bakgrunn av prosessen vist i det føregåande punktet viktig å vurdere om det er rett å bruke kravet til optimal ressursutnytting som eit vilkår ved påreknelegvurderinga.

---

<sup>156</sup> Rt. 2010 s. 1056 (avsnitt 63-64)

<sup>157</sup> *Ibid* (avsnitt 37)

<sup>158</sup> LA-2010-181441 Lovdata PDF-utskrift s. 11-12

<sup>159</sup> Anke til Norges Høyesterett, 12.9.2012, s. 4-12

<sup>160</sup> HR-2012-02302-U

<sup>161</sup> Rt. 2013 s. 612 (avsnitt 59-60)

<sup>162</sup> Eigen informasjon

Rettsgrunnlaget er orvl. § 5 andre leddet første punktum jf. dei ulovfesta reglane knytt til tileigningsplanar.

Det er to kumulative føresetnadar for bruken av optimal ressursutnytting som vilkår. Dei vert her handsama som underproblemstillingar.

Den første underproblemstillinga er om optimalt ressursutnytting kan vere eit vilkår i vurderingstemaet.

Førstvoterande i Lena-dommen uttrykte vurderingstemaet slik:

*«Om planens arealanvendelse ikke legges til grunn ved veiakspropriasjon, betyr dette at skjønnsretten må skjønne over hvilken utnyttelse som uten veiplanen og veien ville ha vært påregnelig "etter tilhøva på staden", jf vederlagsloven § 5 annet ledd.»*<sup>163</sup>

Vurderingstemaet konkretisert til vår situasjon vert slik: Dersom konsesjonen sin ressursbruk ikkje skal leggest til grunn ved falloreigning, må skjønnsretten skjønne over kva utnytting som utan konsesjonen og overføringa, ville ha vore pårekeleg etter tilhøva på staden.

Dette vurderingstemaet er ei hypotetisk vurdering for å oppnå ei riktig verdifastsetting. Det skjønnsretten skal finne, er fallverdien «som kan ansees etablert som påregnelig på eierens hånd når det sees bort fra» konsesjonen.<sup>164</sup>

Det er ikkje den reelt optimale utnyttinga av ressursen skjønnsretten skal finne. Den fann vassdragsmyndigheita presumptivt då den vedtok konsesjonen. Sjølv om pårekelegvurderinga omfattar ei alternativ konsesjonsvurdering, skal skjønnsretten sjå bort frå den presumptivt mest optimale løysinga.<sup>165</sup>

Delkonklusjonen på underproblemstillinga er at den mest optimal ressursutnyttinga ikkje har ein rettkomen plass i vurderingstemaet.

---

<sup>163</sup> Rt. 1996 s. 521 s. 540

<sup>164</sup> *Ibid*

<sup>165</sup> Stavang 2015 s. 253 note 32

Den andre underproblemstillinga kjem av at retten har lagt til grunn at kravet om optimal ressursutnytting er spesielt for vassdragsforvaltninga. Spørsmålet vert om kravet har ei anna rolle i vassdragsforvaltninga enn i andre delar av forvaltninga.

Det følger av førearbeidsmerknadane til vregl. § 8 at vurderinga av allmenne interesser omfattar spørsmålet om søknaden fråviker det som er samfunnsøkonomisk optimalt.<sup>166</sup> Tilsvarende kan vurderinga av allmenne interesser etter vrl. § 25 omfatte omsynet til effektiv ressursutnytting.<sup>167</sup>

I vrl. § 22 andre leddet i.f. er det gitt ei føresegn som ifølgje proposisjonen skal beskytte vasskraftpotensialet.<sup>168</sup> Energi- og miljøkomiteen modifiserte departementsuttalane ved å uttale «at optimal kraftproduksjon berre er eitt av fleire døme på kva meining som kan leggjast i uttrykket effektiv ressursbruk».<sup>169</sup>

Det er korrekt rettsforståing at optimal ressursutnytting er eit viktig omsyn for vassdragsmyndigheitene. Spørsmålet vert om det også gjeld andre delar av forvaltninga.

Samfunnsplanlegginga skal «gi[...] grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar», jf. plb. § 1-1 andre leddet. Arealressursar og andre ressursar som luft, vatn, mineralar, biologisk produksjon og energi, skal ifølgje førearbeida vurderast i samanheng med «en bredere samfunnsplanlegging hvor også f.eks. økonomiske, sosiale og kulturelle forhold omfattes».<sup>170</sup>

Samfunnsplanlegginga skal «legge til rette for verdiskaping og næringsutvikling», jf. plb. § 3-1 første leddet bokstav d. Ifølgje førearbeida skal «[b]ruken av arealene ... være mest mulig optimal i et samfunnsøkonomisk perspektiv».<sup>171</sup>

Delkonklusjonen er at kravet til optimal ressursutnytting gjeld for alle forvaltningskjøn knytt til samfunnsplanlegging.

Konklusjonen er at optimal ressursutnytting verken har ei rolle i vurderingstemaet eller ei prinsipielt anna rolle i vassdragsforvaltninga enn i forvaltninga generelt.

---

<sup>166</sup> Ot.prp. nr. 50 (1991-1992) s. 113 jf. s. 89

<sup>167</sup> Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 104 og 327

<sup>168</sup> *Ibid* s. 341

<sup>169</sup> Innst. O. nr. 101 (1999-2000) s. 5 venstre spalte

<sup>170</sup> Ot.prp. nr. 32 (2007-2008) s. 170

<sup>171</sup> *Ibid* s. 179

#### 6.4.4 Samla plan

Samla plan, jf. vrl. § 22, var eit forvaltningsverktøy som fungerte i ein førebuande planprosess.<sup>172</sup> Planen er no avvikla,<sup>173</sup> men lovheimelen er ikkje fjerna.

Eventuelle rettsverknadar av Samla plan var omtvista i Saudefaldene-skjønet<sup>174</sup> og Otra-skjønet fram til Otra I. Det synest å ha vore eit blindspor.

Dersom Samla plan hadde hatt rettsverknad som ein tileigningsplan skulle ein sett bort frå den.

Når Samla plan likevel ikkje var rettsleg bindande, men eit forvaltningsverktøy, var den ein del av den føregåande planprosessen for tileigningsplanen (vassdragskonsesjonen).

Førstvoterande i Lena-omen uttalte at for å få «god sammenheng i reglene» skulle ein også «se[...] bort fra at den forutgåande planprosess faktisk kan ha påvirket salgsværdien ...».<sup>175</sup> Omsynet til rettsleg koherens tilsa at omsyna bak tileigningsplanen ikkje kunne tilsidesette rettsverknaden av tileigningsplanen.

Lagmannsretten såg bort frå Samla plan, men ikkje «at separat utbygging vil stenge for en større og vesentlig mer samfunnsnyttig utbygging av vassdraget».<sup>176</sup> Retten vidareførte med dette omsyna bak Samla plan og vassdragskonsesjonar. Vidareføringa leidde til at retten etablerte ein inkoherent regel for bruk av tileigningsplanar, som i tillegg er stadfesta av Høgsterett i avdeling.

Når skjønnsrettane i vassdragsskjøn nyttar omsynet til optimal ressursutnytting slik er det analogt med at skjønnsretten etter Lena-dommen hadde nytta omsynet til optimal arealutnytting til å ekskludere alternativa til ny riksveg på Lena frå påreknalegvurderinga. Det ville undergreve rettssynet i Lena-dommen i strid med prejudikatlæra.

Føremålet er å oppnå ei riktig verdifastsetting ved hjelp av ei hypotetisk vurdering. Dersom retten bruker omsyna som leidde til tileigningsplanen, til å ekskludere andre alternativ enn

---

<sup>172</sup> Rt. 2010 s. 1056 (avsnitt 44)

<sup>173</sup> <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/nyheter-konsesjon/samlet-plan-for-vassdrag-er-avviklet/> Henta 6.3.2017

<sup>174</sup> LG-2007-176723

<sup>175</sup> Rt. 1996 s. 521 s. 541-542

<sup>176</sup> LA-2010-181441 Lovdata pdf-utskrift s. 12

oreigningstiltaket frå påreknelegvurderinga ser den likevel ikkje bort frå tileigningsplanen og oppfyller ikkje grunnlovsbodet om fullt vederlag.

## 6.5 Oppsummerande vurdering

Konklusjonen er at ein vassdragskonsesjon ikkje er eit rettsleg hinder for at separat kraftverk eller samla prosjekt kan inngå i ei hypotetisk påreknelegvurdering ved utmåling av vederlag for vassfall overført til eksisterande kraftverk.

Det er etter mi vurdering feil bruk av Lena-dommen når skjønnspraksis og Høgsteretts praksis i avdelingsdomar legg til grunn at kravet om optimal ressursutnytting medfører at rettsbrukarane skal vektlegge optimal ressursutnytting annleis ved vassdragsskjøn enn andre skjøn.

Høgsterett i avdeling står etter dette synet i strid med Høgsterett i plenum. Det er vanleg å gje plenumsavgjerder høgare rettskjeldeverdi enn avdelingsavgjerder.<sup>177</sup> Spørsmålet vert om motstriden er uttrykk for eit medvite prejudikatsfråvik.

Førstvoterande i Otra II uttalte at lagmannsretten si påreknelegvurdering var «i samsvar med prinsippet som ble lagt til grunn i Lenadommen».<sup>178</sup> Likevel finn eg ikkje i dommane den konkrete subsumsjonen i lys av Lena-dommen med dei momenta som er gjennomgått i punkt 6.4.

Avdelingsdommane sitt avvik frå plenumsdommen var følgjeleg ikkje uttrykk for eit medvite prejudikatsfråvik.

Det er grunnlag for å hevde at rettsbruken i punkt 6.4.3 og 6.4.4 samsvarar med plenumsdommen og uttrykker gjeldande rett.

---

<sup>177</sup> Skoghøy 2002 s. 327-328 med vidare referansar

<sup>178</sup> Rt. 2013 s. 612 (avsnitt 59-60)

## 7 Norma ved ikkje hypotetisk pårekneleg utnytting

### 7.1 Innleiing

Problemstillinga er om og eventuelt korleis eigar får fallvederlag dersom fallet vert overført til eit eksisterande kraftverk og det ikkje er ei reelt pårekneleg utnytting. Eventuelt rettsgrunnlag er ulovfesta.

Høgsterett handsama i 2013 Otra II-saka der tvistetemaet var «*prinsippene for fastsettelse av erstatning ved ekspropriasjon av fallrettigheter hvor separat utbygging til småkraftverk ikke er påregnelig*».<sup>179</sup>

Spørsmålet har opphav i den feile rettsbruken som er påvist i punkt 6.4, men er likevel interessant fordi det eksisterer andre fall som ikkje kan påreknast utnytta faktisk og rettsleg.

Det kan vere vanskeleg å sjå grunnar for at eit småkraftverk skal kunne vurderast som rettsleg ikkje pårekneleg når det er gjeve konsesjon for overføring av same fallet, men ein kan ikkje generelt sjå bort frå det, sml. Kløvtveit-skjønet i punkt 5.3.1. Dei mest praktiske døma er truleg likevel fall som vert overført til eksisterande kraftverk, men er ulønsame ved separat utbygging eller i eit samla prosjekt og derfor ikkje faktisk påreknelege alternativ.

Oppgåva vert pga. plassomsyn avgrensa mot spørsmålet om rettferds- og rimelegheitsomsyn bør ha anna vekt ved mangel på faktisk enn mangel på rettsleg hypotetisk pårekneleg utnytting.

### 7.2 Utgangspunktet

Det alminnelege oreigningsrettslege prinsippet om at vederlaget skal gje dekning for eigar sitt tap, vil dersom ein følgjer det konsekvent, medføre nullvederlag når eigar ikkje har noko pårekneleg alternativ. Høgsterett har gitt prinsippet den konsekvensen både i Mærradalen-skjønet<sup>180</sup> og Seimsmyrane-skjønet<sup>181</sup> pga. manglande rettsleg pårekneleg arealutnytting og i Fosen-skjønet<sup>182</sup> pga. manglande faktisk pårekneleg utnytting av steinmasser.

---

<sup>179</sup> Rt. 2013 s. 612 (avsnitt 1)

<sup>180</sup> Rt. 1998 s. 29 (s. 32-33)

Fosen-skjønet gjaldt ein naturressurs, jf. orvl. § 6 første leddet andre punktum. Høgsterett slo fast at føresegna gjeld eit unntak frå eigars tilpassingsplikt og ikkje eit unntak frå kravet om pårekneleg utnytting.<sup>183</sup> Fallrettar er eit anna slag naturressurs, men dommen viser likevel at det ikkje er noko generelt unntak frå påreknelegkravet for naturressursar.

## 7.3 Unntak frå prinsippet

### 7.3.1 Rettspraksis: Tradisjon

Førstvoterande i Otra II-dommen sluttar seg til det alminnelege oreigningsrettslege prinsippet ved å uttale «at det bare er den påregnelige utnyttelse som skal erstattes» slik det vart lagt fram av oreignars partshjelpar. Han bruker deretter prinsippet, – også tilsynelatande til liks med partshjelparen, – berre til å konstatere at det ville vore eit brot med prinsippet om ein fallrett som ikkje har pårekneleg utnytting i småkraftverk, likevel vart verdsett som utnytta i småkraftverk.<sup>184</sup> Den logiske konsekvensen som er nullerstatning, av at det ikkje var funne noko form for pårekneleg utnytting drøftar han ikkje. Oreignars partshjelpar påstod det heller ikkje.

Førstvoterande drøftar deretter ei partsutsegn om likehandsaming grunna i likskaps- og rettferdsprinsipp i Grunnlova § 105.<sup>185</sup> Desse prinsippa vert ivaretekne av den unntaksregelen Lena-dommen fastslo, jf. punkt 6. Når rettsbruken vert feil, kjem prinsippa opp på nytt, og førstvoterande må forsvare avgjerda.<sup>186</sup>

Alternative utmålingsmetodar som naturhestekraftmetoden og ei anna teoretisk utrekning, vert drøfta,<sup>187</sup> men det prinsipielle spørsmålet om konsekvensen av manglande pårekneleg alternativ går førstvoterande ikkje inn på. Han konkluderer med at det skal ein del til for å fråvike ein innarbeidd metode som den tradisjonelle naturhestekraftmetoden.<sup>188</sup>

---

<sup>181</sup> Rt. 2009 s. 740 (avsnitt 60)

<sup>182</sup> Rt. 1999 s. 458 (s. 465)

<sup>183</sup> *Ibid* (s. 464)

<sup>184</sup> Rt. 2013 s. 612 (avsnitt 55 og 35)

<sup>185</sup> *Ibid* (avsnitt 56)

<sup>186</sup> *Ibid* (avsnitt 57-61)

<sup>187</sup> *Ibid* (avsnitt 62-73)

<sup>188</sup> *Ibid* (avsnitt 74)



Høgsteretts konklusjon vektar mot nullerstatning, medan mangelen av prosedyre for nullerstatning samt manglande drøfting svekker rettskjeldeverdien.

### **7.3.2 Etterarbeid: Naturressursar. Private, kommersielle versus offentlege føremål**

Minerallova § 39 første leddet første punktum er eit døme på lovfesta unntak i særlovgjevinga frå kravet om pårekeleg utnytting i orvl. §§ 5 og 6.

Departementet uttalte at unnataket følgde av generelle prinsipp ved utnytting av naturressursar som har kome til uttrykk i vassdragsretten.<sup>189</sup> Det er grunn til å tru at departementets syn var grunna i praksisen med naturhestekraftmetoden.

Departementet meinte også at det går eit klart skilje mellom ulike føremål for oreigninga. Regelen i orvl. § 5 tredje leddet om at det ikkje skal «takast omsyn til verdiendringar som kjem av oreigningstiltaket», høvde ikkje når private næringsinteresser oreignar til kommersielle føremål.<sup>190</sup>

Departementets rettsoppfatning knytt til orvl. § 5 tredje leddet er i utgangspunktet i strid med at føreseigna vart nytta i Bømlo-dommen<sup>191</sup> ved oreigning til fordel for fiskeoppdrettsanlegg og Fræna-dommen<sup>192</sup> ved oreigning til fordel for steinknuseverk. Kommunane oreigna til fordel for kommersiell verksemd.

### **7.3.3 Lovgjevarvilje uttrykt i tilknytning til meirvederlag**

#### **7.3.3.1 Innleiing**

Reglane om meirvederlag står i dag i vrl. § 51 andre leddet og vregl. § 16 nr. 3 første leddet. Oreigningsvederlag ved vassdragsregulering og vasskraftproduksjon skal aukast med 25 prosent.

---

<sup>189</sup> Ot.prp. nr. 43 (2008-2009) s. 74-75

<sup>190</sup> *Ibid*

<sup>191</sup> Rt. 2008 s. 240

<sup>192</sup> Rt. 1999 s. 737

### 7.3.3.2 Magasingrunn

Meirvederlag har tradisjon tilbake til vassdragslova av 1.7.1887 § 14. Føresegna gav heimel for å endre vasstanden slik at «ovenforliggende Grund faar Bagvand».<sup>193</sup> Det var tale om oreigning av rett til «at sætte fremmed grund under vand» og vilkåret var at «ovenfor liggende grund intet fald berøves».<sup>194</sup>

Ifølgje Dahl var vederlaget samansett av to postar: «først fuld Skadeserstatning, dernæst et Tilskud i Betragtning af, at Dæmningsejeren vinder en Fordel».<sup>195</sup> Amundsen skriv om utmålinga av tilskotet at «[a]llt er her git skjønnets vilkaarlighet i vold».<sup>196</sup>

Vassdragsreguleringslovene av 1911 og 1917 fekk også føresegner om meirerstatning, høvesvis §§ 15 og 16, begge nr. 3. Disse føresegnene gav ein regel om eit fast tillegg på 25 prosent av «værdien av det avstaaede». Lovene gav ikkje oreigningsrett for vassfall,<sup>197</sup> men for tiltak til gjennomføring av «regulering av et vasdrags vandføring».<sup>198</sup>

Føresegnene i 1987-, 1911- og 1917-lovene seier at eigaren av vassfallet skal betale meirvederlag til eigaren av magasingrunn. Dei føreset at eigaren av vassfallet eller brukseigarforeining (jf. vregl. § 9) han er medlem i, vert eigar av reguleringsanlegga.

For desse lovreglane, der berre vregl. § 16 nr. 3 er nojeldande, var det tale om rimeleg fordeling mellom falleigar og grunneigar ved reguleringsmagasinet. Disposisjonsretten til regulering ligg til staten.<sup>199</sup> Magasingrunneigaren rår derfor ikkje over ein omsetningsverdi knytt til reguleringsmagasin. Lovgjevar såg det likevel som rimeleg at eigaren av ressursen som bidrog til årssikker vassføring, vart tilgodesett utover direkte skader og ulemper.<sup>200</sup>

Striden om innhaldet i eigdomsretten til vassdrag og om reguleringsretten, er ein del av den historiske konteksten. Fallgrunneigaren og staten «vann», medan magasingrunneigaren fekk skadevederlaget auka med ein fjerdedel.

---

<sup>193</sup> Dahl 1888 s. 54

<sup>194</sup> Amundsen 1911 s. 4-5

<sup>195</sup> Dahl 1888 s. 55

<sup>196</sup> Amundsen 1911 s. 101

<sup>197</sup> Amundsen 1928 s. 11

<sup>198</sup> Vassdragsreguleringslovene av 1911 § 1 nr. 1 jf. § 15 og 1917 § 1 første leddet jf. § 16

<sup>199</sup> Rt. 1963 s. 1288 (s. 1296-1297)

<sup>200</sup> Indst. O. I (1911) s. 105-110

### 7.3.3.3 Fallrettar

Meirvederlag for oreigning av vassfall vart først lovfesta ved vassdragslova av 1940.

Vassdragslovkommisjonen uttalte i 1918:

*«At den, som gives ret til at tiltvinge sig anden mands egedom, fordi han kan gjøre seg en særlig indbringende bruk av av den, skal gi mere end den blotte erstatning for skade, er et billighetskrav, som har faat utslag i den gjældende vasdragslov og i reguleringsloven, og som også har faat sterk tilslutning i de indkomne uttalelser om vasdragslovrevisionen.»<sup>201</sup>*

Uttalen gjeld etter ordlyden berre meirvederlag for skader og ikkje for fallrettar. Den er tydeleg på at tillegget er eit rimelegheitskrav.

Vassdragslovkommisjonen innstilte ikkje på meirvederlag for fall. Lovforslaget frå kommisjonen inkorporerte eksisterande reglar om meirvederlag for erstatning for skadar frå vassdragsreguleringslova av 1911, jf. § 161. Lovforslaget inkorporerte også tidlegare reglar om oreigning av fall til kommunalt<sup>202</sup> og statleg<sup>203</sup> bruk, jf. kap. 15, men desse hadde ikkje krav om meirvederlag.

Meirvederlag for fall kom med i lovproposisjonen, sml. kommisjonens lovforslag §§ 254-255 med vdrl. § 152.<sup>204</sup> Hovudstyret for Vassdrags- og Elektrisitetsvesenet som leverte ein uttale i 1933, foreslo «større eller mindre endringer i de fleste paragrafer i kommisjonens lovutkast ... samt ... enkelte nye».<sup>205</sup> Hovudstyret foreslo konkret meirvederlag ved oreigning av fall til offentlege føremål.<sup>206</sup> Det er antakeleg Hovudstyret som har introdusert meirvederlag for fall i prosessen fram mot vassdragslova av 1940.

Omsyn bak meirvederlag for vassfall har eg ikkje funne omtala verken i innstillinga frå kommisjonen, Justisdepartementets lovproposisjon<sup>207</sup> eller i Skog- og vassdragskomiteens

---

<sup>201</sup> Vasdragslovkommissionens indstilling 1918 s. 121

<sup>202</sup> Lov om tvungen avstaaelse av vandfald i visse øiemed til kommuner av 15.8.1911

<sup>203</sup> Midlertidig lov om tvungen avstaaelse av vandfald m. v. til staten av 6.7.1917

<sup>204</sup> Innst. O. III (1940) s. 60

<sup>205</sup> Ot.prp. nr. 65 (1939) s. 4

<sup>206</sup> *Ibid* s. 27, 79 og 89

<sup>207</sup> *Ibid*

innstilling<sup>208</sup>. Departementet nøyer seg med å slutte seg til at dei som krev innløyasing, jf. vdrl. § 132, i samsvar med kommisjonsforslaget ikkje har krav på meirvederlag.<sup>209</sup>

Det er etter dette lite å hente i førearbeida til vassdragslova av 1940 om omsyna for meirvederlag for fallrettar.

Innstillinga frå Energi- og miljøkomiteen til vassressurslova av 2000 siterer frå odelstingsproposisjon:

*«Vassdragslovkommisjonens begrunnelse for 25 prosent-prinsippet var først og fremst at den som ved tvang kan overta fremmed eiendom fordi han kan gjøre gode forretninger på den, bør gi den opprinnelige eier en del av gevinsten.»<sup>210</sup>*

Den tydelege uttalen frå vassdragslovkommisjonen i 1918 om at rimeleg skadevederlag krev eit tillegg, jf. like ovanfor, vart i 2000 til ei norm om gevinstdeling. Feilsitatet verkar som eit resultat av departementets samandrag<sup>211</sup> av vassdragslovutvalets parafraserte sitat og tolking<sup>212</sup> av vassdragslovkommisjonen.

Feilsitatet opnar eit anna tolkingsrom enn ordlyden frå vassdragslovkommisjonen. Feilen svekker rettskjeldevekta av førearbeidsuttalen. Feilsitatet bør etter mitt syn ikkje takast til inntekt for å fråvike den alminneleg oreigningsrettslege regelen om at eigar skal ha vederlag for sitt tap, jf. punkt 4.4.4.

Komiteen hadde observert stigande marknadsverdi i tråd med liberaliseringa etter energilova og reiste «spørsmålet om gjeldande erstatningsprinsipp sørgjer for at det skjer ei rimeleg fordeling av verdiane mellom eigarar av fallrettar og utbyggjarar». Komiteen meinte det var viktig å følgje utviklinga nøye.

Denne uttalen frå lovgjevar er faktabasert og den har truleg 1900-talets naturhestekraftmetode i bakgrunnsbiletet. Uttalen har demokratisk autoritet som rettskjelde.

---

<sup>208</sup> Innst. O. III (1940)

<sup>209</sup> Ot.prp. nr. 65 (1939) s. 78.

<sup>210</sup> Innst. O. nr. 101 (1999-2000) s. 6

<sup>211</sup> Ot.prp. nr. 39 (1998-1999) s. 230

<sup>212</sup> NOU 1994: 12 s. 243

## 7.4 Oppsummerande vurdering

Lovgjevar har i tilknytning til reglane om meirvederlag og generelt for erstatning ved vasskraftutbygging, vektlagt omsynet til ei rimeleg og rettferdig fordeling mellom oreignar og eigar.

Høgsterett har i Otra II-dommen vektlagt naturhestekraftmetoden som ein rettsleg tradisjon. Oreignar støtta der bruken av naturhestekraftmetoden trass i at saka vart prosedert på grunnlag av at det ikkje var alternativ pårekneleg utnytting. Oreignar påsto ikkje nullerstatning.

Den rettslege tradisjonen er også vektlagt i førearbeid til minerallova. Førearbeidet si differensiering mellom offentleg og kommersielt føremål og spesialbehandling av naturressursar har derimot ikkje så langt eg kjenner til, fått konkret uttrykk i lovgjevinga utover minerallova, samt unntaket frå tilpassingsplikta i orvl. § 6 første leddet andre punktum.

Lena-dommens anførte *ratio decidendi* knytt til at oreignar overtek utbyggingsverdien kan tenkast å ha ei rasjonell eigenvekt utover å grunnge at ein skal sjå bort frå tileigningsplanen. Vederlaget må i så fall teoretisk grunnast på den individuelle verdien, jf. punkt 4.5.

Samanfattande kan det konstaterast at verdiane som lovgjevar, rettsvesen, forvaltning og både oreignarar og eigarar har gjeve uttrykk for, peikar mot at det ikkje skal nyttast nullvederlag i vasskraftskjøn.

Otra II-dommen gir rettsgrunnlag for bruk av naturhestekraftmetoden ved ikkje pårekneleg utnytting.

## 8 Perspektiv

### 8.1 Innleiing

I lys av marknadsrisikoen illustrert i punkt 3.5 er det behov for risikohandterande tiltak. Punkt 8.2 og 8.3 skal kort vurdere alternative rettsleg koherente modellar.

Punkt 8.4 skal lansere tiltak som fjernar konkurransevridinga eksponert ved konsekvensen av rettsforståinga utleia i punkt 6.

I punkt 8.5 spør eg om meirvederlag ved oreigning til vasskraftføremål er ei anakronisme.

### 8.2 Grunnrente

Verdiskapinga i samfunnet kjem frå avkastning av arbeidsformuen, realkapitalen og naturressurskapitalen. Avkastninga frå naturressurskapitalen utnytta i vasskraftproduksjon utgjer grunnrente eller reinprofitt.<sup>213</sup> Grunnrenteskattesystemet er utvikla med sikte på å skattlegge reinprofitten.

Ifølgje Finansdepartementet er vassfallet sjølve opphavet til grunnrenta.<sup>214</sup> Uttalen reflekterer at vassfallet er naturressursen som skaper reinprofitten. Det er følgeleg eit overlapp mellom grunnrenteskatten til staten og fallvederlaget til grunneigar.

Det konseptuelle samanfallet kan tyde på at grunnrenteskatteordninga gir ein modell for utrekning av fallvederlag. Den kan tenkast som ein alternativ overskotsdelingsmodell, jf. punkt 4.2. Omsynet til eit koherent rettsleg system taler isolert sett for å bruke etablerte skatterettslege modellar til utrekning av årleg fallvederlag.

Grunnrenteskattesystemet er utforma med sikte på at grunnrenteskatten skal vere risikonøytral for investor. Det medfører mellom anna at det vert nytta eit risikofritt avkastningskrav, og at staten betalar ut negativ skatt. Ei slik risikohandtering let seg vanskeleg overføre til grunneigarar.

---

<sup>213</sup> NOU 2012: 9 s. 188-189

<sup>214</sup> Prop.1 LS (2010-2011) s. 83

Grunnrenteskattelegginga er i tillegg knytt til reelle kraftverk. Vederlagsutmåling ved overføringar på grunnlag av tileigningsplanar medfører at dei alternative kraftverka er hypotetiske. Det gjer ei knyting mellom grunnrente og fallvederlag vanskeleg.

Grunnrenteskattmodellen ser ikkje ut til å kunne overførast uendra til utmåling av fallvederlag.

### **8.3 Periodisk revisjon**

Minerallova har ein regel om at kvar av partane kan krevje vederlaget fastsett ved nytt skjøn kvart tiande år, jf. § 39 fjerde leddet.

Regelen var opphavleg grunna i behovet for å vurdere skadeverknadar på grunnlag av erfaring.<sup>215</sup> Det omsynet kunne vore aktuelt for reguleringsanlegg, men når det gjeld fallvederlag er truleg den store marknadsrisikoen det beste argumentet for ei revisjonsordning.

Ei revisjonsordning kan vere ein måte å redusere usikkerheita for begge partane på og bygge gjensidig tillit. Det kan vurderast å innføre ei ordning for framtidige vassdragsskjøn der vederlaget vert utmålt for to alternativ, eitt for varig (årleg) vederlag og eitt anna for vederlag med sikte på dei første ti åra og deretter gjensidig opsjon på revisjon. For å få ei balansert ordning må eigar i så fall etter første skjønnet velje om han vil delta i marknadsrisikoen ved å velje mellom dei to alternativa.

### **8.4 Særskattar og særavgifter**

Etter mi vurdering i punkt 6.4 vil separat utbygging eller samla prosjekt av falla frå dei overførte nedbørfelta vere potensielt rettsleg pårekneleg. Her ser eg på samfunnsøkonomiske konsekvensar av vurderinga.

Ein verknad av ei slik endring i skjønnspraksis er at fall som kunne blitt bygt ut i separate kraftverk utan særskattar og -avgifter vert overført til kraftverk som har desse kostnadane og

---

<sup>215</sup> Ot.prp. nr. 31 (1951) s. 22

deretter erstatta etter marknadsverdien.<sup>216</sup> Fordi dei eventuelt hypotetiske kraftverka har lågare skatte- og avgiftskostnad får dei ein større marknadsverdi, alt anna likt.

Oreignar og eigar av kraftsystemet falla vert overført til får ikkje trekt fallelige, avskrivning på fallrett eller friinntekt av fallrett frå i grunnrenteskatteinntekta, jf. skattelova § 18-3 nr. 3 (flere punktum). Grunnen er at både fallvederlag og grunnrente har opphav i naturressursen, jf. punkt 8.2. Konsekvensen er at vassfallverdiar lovgjevar har unnateke særskattar og særavgifter, vert inkludert i særskatteregimet ved overføring av nedbørfeltet. Dette skaper ei skattemotivert vriding i kapitalallokeringa.

Særskattane og særavgiftene har også andre samfunnsøkonomisk uheldige verknadar.

Manglande teknologinøytralitet i skattlegginga medfører generelt ei vriding av kapitalallokering bort frå norsk vasskraftproduksjon og over til andre kraftproduksjonsteknologiar og produksjon i andre land.<sup>217</sup>

Rettsvilkåra for særskattane og særavgiftene er knytt til kraftgrunnlag og installert effekt. Det gir incentiv til å skatteoptimalisere nye vasskraftverk og fører til samfunnsøkonomisk tap.<sup>218</sup> Det fører også til sprangvise kostnadar som kan gi store negative bidrag i marginalvurderingar i eit samla prosjekt, jf. punkt 5.3.3.

Løysinga som er mest i samsvar med omsyna som ligg bak gjeldande lovreglar, er å oppheve alle fritak basert på kraftgrunnlag og installert effekt, for deretter å innføre ein fritaksperiode for særskattar og særavgifter for all ny vasskraftproduksjon. Fritaksperioden må vere så lang at desse ikkje verkar inn på kapitalallokeringane.

Alle produksjonsteknologiane vert dermed pålagt like skattar og avgifter og resultatet er teknologinøytral skattlegging. Fritaksperioden gjeld berre ny vasskraftproduksjon og vil derfor ikkje ha negativ effekt på eksisterande offentlege proveny.

---

<sup>216</sup> Føresegner i punkt 5.3.3

<sup>217</sup> Zimmer 2014 s. 33

<sup>218</sup> THEMA 2012 s. 63



## 8.5 Meirvederlag

Bakgrunnen for meirvederlaget er forklart i punkt 7.3.3. Spørsmålet er om meirvederlaget er ei anakronisme.

Førstvoterande i Uleberg-dommen uttalte at sjølv om grunneigar har fått marknadspris og dermed ein rimeleg del av vinsten, er det ei lovgjevaroppgåve å endre reglane.<sup>219</sup>

Olje- og energidepartementet sendte eit forslag om oppheving av reglane om meirvederlag på høyring i 2013.<sup>220</sup> Høyringsforslaget har ikkje resultert i lovendring, men ifølgje Energi-meldinga greier departementet ut korleis det kan takast omsyn til innvendingar knytt til at forslaget også omfatta andre grunneigarrettar enn vassfall. Siktemålet er å fremje eit lovforslag for Stortinget.<sup>221</sup>

Departementets hovudargument for fjerning var «*at lovgrunnen for tillegget på 25 prosent [ikke] lenger er til stede når fallrettighetene etter dagens utmålingspraksis uansett verdsettes etter full markedsverdi*».<sup>222</sup>

Otra II-saka kom opp for Høgsterett kort tid etter høyringsfristen. Resultatet var at det likevel ikkje vart brukt marknadsverdi ved overføring til eksisterande kraftverk. Dersom ein aksepterer mi vurdering om at rettsbruken var feil, jf. punkt 6.4, fell det motargumentet mot fjerning av meirvederlagsreglane bort.

Advokatforeininga støtta i hovudsak lovendinga i høyringsuttalen, men peika på at meirvederlagsreglane også gjaldt vederlag for fall som ikkje var separat utbyggbare, for bruk av magasingrunn m.m.<sup>223</sup>

Når det gjeld meirvederlag for bruk av magasingrunn er situasjonen for det første at det er dei færraste notidige utbyggingane som medfører nye magasin.

---

<sup>219</sup> Rt. 2008 s. 82 (avsnitt 96)

<sup>220</sup> <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing---utkast-til-endringer-i-vassdrag/id716792/> Høyringsnotat m.m. henta 21.3.2017


<sup>221</sup> Meld. St. 25 (2015-2016) s. 191-192

<sup>222</sup> Høyringsnotatet s. 9

<sup>223</sup> Høyringsuttale 9.4.2013 s. 4

Vidare er det no andre pårekelege utnytingsmåtar enn dei tradisjonelle, m.a. utleige av jaktrettar og sal/utleige av fritidsbustadar og tomter, sml. Skjerkevatn-skjønet.<sup>224</sup> Advokatforeininga sin høyringsuttale om «ellers ikke utnyttbare områder i høyfjell» gir ikkje uttrykk for samfunnsutviklinga.

Figur 8-1 syner at meirvederlaget kan sjåast som eit fast, relativt tillegg til naturhestekraftprisen. Let ein det etablerte prisenivået inklusive meirvederlaget representere etablert naturhestekraftprisenivå ved framtidige summariske prisfastsettingar,<sup>225</sup> kan ein fjerne meirvederlagsreglane og likevel oppretthalde totalnivået på vederlaget.



**Figur 8-1 Naturhestekraftpris inklusiv meirvederlag.**

Teorien om reservasjonspris har blitt fremja som grunnlag for meirvederlag.<sup>226</sup>

Reservasjonspris er brukt for å grunnge fortsatt bruk av naturhestekraftmetoden for ikkje separat utbyggbare fall, jf. punkt 7.4. Det gir ikkje god meining å grunnge to vederlagskomponentar for same eigedomen med reservasjonspris.

Meirvederlagsreglane i vrl. § 51 andre leddet og vregl. § 16 nr. 3 første leddet er etter dette anakronismar som bør fjernast.

<sup>224</sup> LA-2015-25797

<sup>225</sup> NOU 1994: 12 s. 242

<sup>226</sup> Broch Hauge 2015 s. 285, jf. s. 72-106 og 285

## 9 Avslutning

Oppgåva har analysert korleis domstolane har handtert endringane i rammevilkåra.

Naturhestekraftmetoden er enno i bruk ved overføringar til eksisterande kraftverk, men som vist i punkt 6 er det gode grunnar for at domstolane sin rettsbruk ikkje samsvarer med alminnelege oreigningsrettslege reglar. Derimot er det grunnlag for fortsatt bruk av naturhestekraftmetoden når det ikkje skal nyttast nullvederlag i vasskraftskjøn, jf. punkt 7.

Lovgjevaroppgåva tildelt i Uleberg-dommen i 2008 knytt til meirvederlag er ikkje løyst, jf. punkt 8.5.

Otra I og II viser at ulovfesta reglar om tileigningsplanar kan gi vilkårlege resultat. Den hypotetiske påreknelegvurderinga Høgsterett føresette i plenumsdommen i Lena-saka for å oppfylle Grunnlova § 105, har Høgsterett i avdeling umedvite fråvike, jf. punkt 6.5.

Stortinget har ikkje følgd opp utgreiinga om arealplanar og oreigningsvederlag frå eit lovutval som det bad Regjeringa nedsette i 2000.<sup>227</sup> Når rettspraksisen for tileigningsplanar er slik at det er vanskeleg for borgarane å føresjå rettsstillinga si, bør lovarbeidet fullførast av omsyn til rettstryggleiken.

Føresetnaden om at det er muleg for rettssubjekta å føresjå rettsstillinga si, er grunnleggande for økonomisk framgang og ei demokratisk styreform.<sup>228</sup> Lovgjevande og dømande makt har forsømt oppdraget med rettsutvikling for oreigning av vassfall spesielt og for oreigning generelt.

---

<sup>227</sup> NOU 2003: 29, jf. Innst. O. nr. 39 (1999-2000)

<sup>228</sup> Bernt/Mæhle 2007 s. 377



## Litteraturliste

- Amundsen 1911 Amundsen, Olaf, *Lov om vasdragsreguleringer i industrielt øiemed av 4 august 1911 med kommentar* (Kristiania 1911)
- Amundsen 1928 Amundsen, Olaf, *Lov om vasdragsreguleringer av 14 december 1917 nr. 17 med senere tillegg og forandringer med kommentar* (Oslo 1928)
- Bernt/Mæhle 2007 Bernt, Jan Fridthjof og Synne Sæther Mæhle, *Rett, samfunn og demokrati* (Bergen 2007)
- Bibow/Martinsen 2011 Bibow, Jens og Martinsen, Gunnar, *Energiloven med kommentarer* (Oslo 2011)
- Broch Hauge 2015 Broch Hauge, Katrine, *Erstatningsnivået ved tvangsovertaking av fallrettar - Analyse av salsverdierstatning og kompensasjonsnorma ved etablering av bruksordningar i lys av ei idealnorm* (Universitetet i Oslo 2015) [Dette er den trykte doktoravhandlinga, ikkje boka som kom seinare.]
- Dahl 1888 Dahl, W. S., *Den norske Vasdragsret* (Christiania 1888)
- Eide/Stavang 2008 Eide, Erling og Stavang, Endre, *Rettsøkonomi* (Oslo 2008)
- Eckhoff/Smith 2010 Eckhoff, Torstein og Smith, Eivind, *Forvaltningsrett* (Oslo 2010)
- Falkanger/Haagensen 2002 Falkanger, Thor og Haagensen, Kjell (red.), *Vassdrags- og energirett* (Oslo 2002)
- Hammer 1994 Hammer, Ulf, *Omorganisering av kraftmarkedet* (Oslo 1994)
- Hope 2006 Hope, Einar, «Kraftmarkedet fungerer det?», *Magma* 5-6/2006. s. 49-56. [Brukt i graf.]
- Kjærland 2009 Kjærland, Frode, «Norsk vannkraft - «arvesølv solgt på billigsalg»?», *Magma* 7/2009 s. 22-29
- Kolstad 2008 Kolstad, Olav, «Rettsøkonomi i juridisk argumentasjon», *Tidsskrift for rettsvitenskap*, 2008 s. 393-441
- Larsen m.fl. 2006 Larsen, Ulf, Lund, Caroline, Stinessen, Stein Erik, «Erstatning for fallretter», *Tidsskrift for Eiendomsrett*, 2006 s. 4-?
- Larsen m.fl. 2012 Larsen, Ulf, Lund, Caroline, Stinessen, Stein Erik, «Er naturhestekraftmetoden rettshistorie?», *Tidsskrift for Eiendomsrett*, 2012 s. 1-?
- Larsen m.fl. 2008 Larsen, Ulf, Lund, Caroline, Stinessen, Stein Erik, «Fallerstatning – Uleberg-dommen», - *Tidsskrift for Eiendomsrett*, 2008 s. 1-?
- Lie Lie, Knut Erik, *Norsk Lovkommentar*, (ekspropriasjonsersatningslova på rettsdata.no)
- Monsen 2010 Monsen, Erik, «Om rekkevidden av erstatningsrettslig vern for tap og ulempe som følge av formuesskade», *Jussens Venner*, 2010 s. 1-67
- Myklebust 2013 Myklebust, Ingunn Elise, «Kva plikter har staten etter menneskerettane til å ta omsyn til privat eigedomsrett i samband med offentleg arealplanlegging», *Festskrift til Jan Fridthjof Bernt*, 2013 s. 431-442
- Mæland 2013 Mæland, John Henry, Kort prosess. *En innføring i den sivile*

- rettergang etter tvisteloven* (Bergen 2013)
- Nore Nyhus Nore Nyhus, Øystein, *Norsk Lovkommentar*, (plan- og bygningslova på rettsdata.no)
- Pedersen m.fl. 2010 Pedersen, Odd Jarle, Sandvik, Per, Skaaraas, Helge, Ness, Stein og Os, Audvar, *Plan- og bygningsrett, del I* (Oslo 2010)
- Skoghøy 2002 Skoghøy, Jens Edvin A., «Bruk av rettsavgjørelser ved lovtolking og annen rettsanvendelse», *Nybrott og odling - festskrift til Nils Nygaard*, s 323-343
- Stavang 2015 Stavang, Endre (red.), *Ekspropriasjon* (Oslo 2015)
- Stordrange 2007 Stordrange, Bjørn, «Reguleringsplaner og ekspropriasjonerstatning», *Lov og Rett*, 2007 s. 107 – 113
- Stordrange/Lyngholt 2000 Stordrange, Bjørn og Lyngholt, Ove Chr., *Ekspropriasjonerstatningsloven - Kommentartutgave*, 3. utgave (Oslo 2000)
- Thue 1996 Thue, Lars, *Strøm og styring. Norsk kraftliberalisme i historisk perspektiv* (Oslo 1996)
- Utgård 2002 Utgård, Karl Arne, *Juridisk og administrativ ordliste* (Oslo 2002)
- Zimmer 2014 Zimmer, Frederik, *Lærebok i skatterett*, 7. utgave (Oslo 2014)

## Liste over førearbeid, etterarbeid, rapportar o.l.

Prop. 117 L (2016-2017)	Endringer i konsesjonslovgivningen for vannkraft (lovrevisjon). [Desse endringane har førebels dato for behandling i Stortinget 13.6.2017. Sjå eventuelt proposisjonen s. 145 for lovspeil.]
Dokument nr. 15:737 (2016-2017)	Skriftlig spørsmål fra Kjell Ingolf Ropstad (KrF) til olje- og energiministeren
IEA 2016	Re-powering Markets. Market design and regulation during the transition to low-carbon power systems. IEA
Prop. 11 S (2016–2017)	Varig flomvern i Opovassdraget mv.
NVE-Rapport nr. 36-2016	Naturfareprosjektet. Oktoberflaumen på Vestlandet i 2014
Innst. 401 S (2015-2016)	Innstilling fra energi- og miljøkomiteen om Kraft til endring - Energipolitikken mot 2030 («Energimeldinga»)
Meld. St. 25 (2015–2016)	Kraft til endring - Energipolitikken mot 2030 («Energimeldinga»)
OED 2014	Et bedre organisert strømnnett. Rapport til Olje- og energidepartementet fra en ekspertgruppe. («Reiten-utvalet») Oslo, 5.5.2014
R-109/2014	Prinsipper og krav ved utarbeidelse av samfunnsøkonomiske analyser mv. Finansdepartementets rundskriv - R-109/14, 30.4.2014
NOU 2012: 9	Energiutredningen - verdiskaping, forsyningsikkerhet og miljø
THEMA 2012	Kraftpriser, forsyningsikkerhet og kostnader. Rapport for Olje- og energidepartementet, mars 2012. THEMA-Consulting Group i samarbeid med Møreforskning Molde. THEMA-rapport 2011-19.
Dokument 16 (2011–2012)	Rapport til Stortingets presidentskap fra Menneskerettighetsutvalget om menneskerettigheter i Grunnloven, avgitt 19. desember 2011
Prop.1 LS (2010-2011)	Skatter og avgifter 2011
Ot.prp. nr. 43 (2008-2009)	Om lov om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven)
SOU 2008:99	Nya ersättningsbesämmelser i expropriationslagen, m.m. Slutbetänkande av Utredningen om expropriationsersättning Stockholm 2008
Ot.prp. nr. 61 ( 2007-2008 )	Om lov om endringer i lov 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) og i lov 14. desember 1917 nr. 17 om vasdragsreguleringer (vassdragsreguleringsloven)
Ot.prp. nr. 32 (2007-2008)	Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) (plandelen)

NVE-fakta 2004-1	Konsesjonsavgifter og konsesjonskraft. Informasjon fra Norges vassdrags- og energidirektorat nr. 1 2004. <a href="http://publikasjoner.nve.no/faktaark/2004/faktaark2004_01.pdf">http://publikasjoner.nve.no/faktaark/2004/faktaark2004_01.pdf</a>
NOU 2003: 29	Arealplaner og ekspropriasjonerstatning. «Ekspropriasjonerstatningsutvalget»
Ot.prp. nr. 56 (2000-2001)	Om lov om endringer i lov 29. juni 1990 nr. 50 om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energiloven)
Ot.prp. nr. 4 (1999-2000)	Om lov om endring i lov 23. oktober 1959 nr. 3 om oreigning av fast eiendom
Innst. O. nr. 101 (1999-2000)	Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)
Innst. O. nr. 39 (1999-2000)	Innstilling frå justiskomiteen om forslag frå stortingsrepresentanene Ansgar Gabrielsen og Bjørn Hernæs om lov om endring i lov av 6. april 1984 nr. 17 om vederlag ved oreigning av fast eiendom
Ot.prp. nr. 39 (1998-1999)	Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)
NOU 1994: 12	Lov om vassdrag og grunnvann
Ot.prp. nr. 50 (1991-1992)	Om lov om endringer i vassdragsreguleringsloven m.fl.
Ot.prp. nr. 43 (1989-1990)	Om lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (Energiloven)
St.prp. nr. 89 (1984-1985)	Verneplan III for vassdrag
Ot.prp. nr. 50 (1982-1983)	Om lov om erstatning ved ekspropriasjon av fast eiendom
NOU 1981: 5	Prisregulering og ekspropriasjonerstatning. Fast eiendom
NUT 1969: 2	Innstilling om Skjønnsordningen og om erstatningsmåling ved ekspropriasjon. Avgitt 12. juni 1969 (Husaas-utvalet)
Ot.prp. nr. 31 (1951)	Lov om avståing av grunn m. v. til drift av ikke mutbare mineralske forekomster og lov om endring i Lov angaaende Bergverksdriften av 14. juli 1842.
Ot.prp. nr. 65 (1939)	Om lov om vassdragene
Vassdragslovkommissionens innstilling 1918	Indstilling med utkast til ny vassdragslov fra den kgl. vassdragslovkommission. Juli 1918
Indst. O. I (1911)	Indstilling fra den av Stortinget i 1910 valgte spesialkomite til behandling av forslagene til lov om vassdragsregnlringer i industrielt øiemed.
Ot.prp. nr. 44. (1910)	Om utfærdigelse av en lov om vassdragsreguleringer i industrielt øiemed





# Liste over rettspraksis

## Rettspraksis frå Den europeiske menneskerettsdomstolen

Sunday Times mot Case of The Sunday Times v. The United Kingdom (Application no. 6538/74), 26 April 1979  
Storbritannia

## Høgsterett sin praksis

HR-2017-333-A Vinstra / E6 i Gudbrandsdalen  
Rt. 2013 s. 612 Otra II  
Rt. 2012 s. 808 Fagervollan  
Rt. 2011 s. 1893 Jørpeland  
Rt. 2011 s. 1683 Kløvtveit  
Rt. 2010 s. 1056 Otra I  
Rt. 2009 s. 740 Seimsmyrane  
Rt. 2008 s. 240 Bømlø / Aga Marin  
Rt. 2008 s. 82 Uleberg  
Rt. 2006 s. 473 Steinerskule  
Rt. 1999 s. 737 Fræna / Molo  
Rt. 1999 s. 458 Fosen  
Rt. 1998 s. 1140 Nedre Foss  
Rt. 1998 s. 29 Mærradalen  
Rt. 1997 s. 1594 Hellandsfoss  
Rt. 1996 s. 521 Lena  
Rt. 1992 s. 217 Ulvåkjølen  
Rt. 1986 s. 1354 Svenkerud  
Rt. 1976 s. 1 Kløfta  
Rt. 1963 s. 1288 Tokke-Vinje  
Rt. 1918 s. 403 Konesjonslov-dommen (Dommen er ofte referert med Rt. 1918 s. 401, men saka referert der gjeld ein orskurd om habilitet i konesjonslov-saka.)

## Lagmannsrettar sin praksis

LH-2016-10613 Møysalen landskapsvernområde. Sagt 22.6.2016  
LA-2015-25797 Overskjøn Skjerkevatn. Sagt 29.9.2015  
LG-2011-205374 Andregangs overskjøn for Kløvtveit. Sagt 8.10.2013  
LA-2010-181441 Andreegangs overskjøn for Brokke nord/sør (før Otra II). Sagt 21.6.2012  
LG-2010-4850 Førstegangs overskjøn for Kløvtveit. Sagt 14.2.2011

LA-2008-29575 Førstegangs overskjøn for Brokke nord/sør (før Otra I). Sagt 8.2.2010  
LG-2007-176723 Overskjøn Saudefaldene. Sagt 10.2.2009  
LG-2007-146016 Overskjøn Bersåvatn. Sagt 15.12.2008  
LA-2005-126434 Overskjøn Uleberg. 22.5.2007

### **Tingrettar sin praksis**

13-205187SKJ-HARD Ringedalen. Sagt 17.10.2014  
12-166174SKJ-RANA Underskjøn Smibelg og Storåvatn. Sagt 13.3.2014

## Liste over lover, føreskrifter og traktatar

Kortnamn e.l.	Tittel og dato (for sanksjonering der det var aktuelt)
Eigedomsskattelova	Lov om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova) av 6. juni 1975 nr. 29
Ekspropriasjons- erstatningslova, orvl.	Lov om vederlag ved oreigning av fast eigedom [ekspropriasjonserstatningslova] av 6. april 1984 nr. 17 [Her har eg nytta ekspropriasjonserstatningslova som kortnamn fordi det er offisielt kortnamn, trass i at det gamle kortnamnet oreigningsvederlagslova ville samsvart betre med nemningane som elles er brukt.]
Ekspropriasjons- erstatningslova av 1973	Lov om erstatning ved ekspropriasjon av fast eiendom av 26. januar 1973 nr. 4. (Oppheva)
Elsertifikatlova	Lov om elsertifikater av 24. juni 2011 nr. 39
Energilova, enl.	Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. (energiloven) av 29. juni 1990 nr. 50
EMK P1-1	Lov om styrking av menneskerettighetenes stilling i norsk rett (menneskerettsloven). Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms. Protocol to the Convention for the Protection of Human Rights and Fundamental Freedoms of 4 November 1950. Art. 1.
EØS-lova	Lov om gjennomføring i norsk rett av hoveddelen i avtale om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde (EØS) m.v. (EØS-loven) av 27. november 1992 nr. 109
Grunnlova	Kongeriket Noregs grunnlov av 17. mai 1814
Oreigningslova	Lov om oreigning av fast eigedom [oreigningslova] av 23. oktober 1959 nr. 3
Plan- og bygningslova, plb.	Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven) av 27. juni 2008 nr. 71
Skattelova	Lov om skatt av formue og inntekt (skatteloven) av 26. mars 1999 nr. 14
Skjønnsprosesslova	Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker [skjønnsprosessloven] av 1. juni 1917 nr. 1
Tvistelova, tvl.	Lov om mekling og rettergang i sivile tvister (tvisteloven) av 17. juni 2005 nr. 90
Vassfallskonsesjons- lova	Lov om erverv av vannfall mv. [vannfallskonsesjonsloven] av 14. desember 1917 nr. 16
Vassdragslova av 1940, vdrl.	Lov om vassdragene [vassdragsloven] av 15. mars 1940 nr. 3
Vassdragslova av 1887	Lov om Vasdragenes Benyttelse af 1ste Juli 1887 (Oppheva)
Vassdragsregulerings- lova, vregl.	Lov om vasdragsreguleringer [vassdragsreguleringsloven] av 14. desember 1917 nr. 17
Vassdragsregulerings-	Lov om vasdragsreguleringer i industrielt øiemed, datert 4de august

<b>Kortnamn e.l.</b>	<b>Tittel og dato (for sanksjonering der det var aktuelt)</b>
lova av 1911	1911. (Oppheva)
Vassressurslova, vrl.	<p>Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven) av 24. november 2000 nr. 82</p> <p>Midlertidig lov om tvungen avstaaelse av vandfald m. v. til staten av 6.7.1917 [Oppheva]</p> <p>Lov om tvungen avstaaelse av vandfald i visse øiemed til kommuner av 15.8.1911 [Oppheva]</p>
<i>(Norske forskrifter)</i>	
Kontrollforskrifta, FOR-1999-03-11-302	Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffier. [Forskrifta «skal legge grunnlag for et effektivt kraftmarked og kontroll av nettvirksomheten som et naturlig monopol», jf. § 1-1 første punktum.]
<i>(Traktatar med Norge som part)</i>	
TRA-2015-04-08-5	Avtale mellom Norge og Sverige om endring av Avtale om et felles marked for elsertifikater (08-04-2015 nr 5 Bilateral),
TRA-2011-06-29-12	Avtale mellom Norge og Sverige om et felles marked for elsertifikater (29-06-2011 nr. 12 Bilateral)
<i>(Utanlandsk lov)</i>	
Expropriationslag	Expropriationslag (1972:719). Svensk författningssamling 1972:719 t.o.m. SFS 2013:539
<i>(Traktatar utan Norge som part)</i>	
TFEU	Treaty on the Functioning of the European Union (TFEU). Enacted: 1957-03-25. Last amended by the Treaty of Lisbon signed 2007-12-13.

## Liste over figurar

- Figur 3-1 Vasskraftpotensialet i Noreg.  
Kjelde: Fakta 2015. Energi- og vannressurser i Norge. OED/NVE. Side 28.  
<https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/fakta2015-energi--og-vannressurser-i-norge/id2395568/> Eigenprodusert graf  
[Faktaheftet skal vere digitalisert, men tilsvarende, oppdatert informasjon er ikkje tilgjengeleg på energifaktanorge.no.]
- Figur 3-2 Historisk utbygging av norsk kraftproduksjon, 1900-2006.  
Kjelde: Ot.prp. nr. 61 (2007-2008) (Econ Pöyry)  
[Figur 2-1 og 2-2 er truleg ikkje basert på same referanseperioden for nedbør. Det vert brukt trettiårs seriar og dei seinare har meir nedbør enn dei tidlege. Oppdatert informasjon om vasskraftsystemet finst her: <https://www.nve.no/energiforsyning-og-konsesjon/vannkraft/vannkraftpotensialet/> ]
- Figur 3-3 Verdikjeda i kraftforsyninga.  
Kjelde: Arnaud de Latour, EDF.  
<http://cermics.enpc.fr/~delmas/Enseig/levy-delatour-market.pdf> Henta 9.2.2017
- Figur 3-4 Aktørane i kraftmarknaden.  
Kjelde: Multiconsult (2014).  
<http://www.fornybar.no/kraftmarkedet> Henta 29.4.2017
- Figur 3-5 Kraftprisar og marknadsomfang.  
Kjelder: Fleire, jf. figuren. Eigenprodusert graf
- Figur 3-6 Konsekvensar av tiltak på produksjonssida - prinsippskisse.  
Kjelde: THEMA 2012
- Figur 3-7 Elsertifikatpris og marknadsomfang.  
Kjelder: SKM m.fl. Eigenprodusert graf
- Figur 4-1 Naturhestekraftprisar.  
Kjelde: Refererte dommar. Eigenprodusert graf
- Figur 8-1 Naturhestekraftpris inklusiv meirvederlag.  
Kjelde: Refererte dommar. Eigenprodusert graf


## Vedlegg

- Vedlegg 1 Kart som viser Uleberg kraftverk.
- Vedlegg 2 Kart som viser Kløvtveit kraftverk og Yndesdalsvassdraget
- Vedlegg 3 Kart som viser Smibelg og Storåvatn kraftverk. PDF av nettside med opplysning om kostnads- og produksjonsdata.
- Vedlegg 4 Kart som viser Brokke nord/sør-prosjektet
- Vedlegg 5 Kart som viser Ringedalen kraftverk, Øvre Bersåvatn kraftverk, Nedre Bersåvatn kraftverk og Opo flaumsikring og kraftverk.



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo  
tlf: 09575  
E-post: nve@nve.no

# Uleberg kraftverk i Skjerkavassdraget



## Tegnforklaring

### Vannkraftverk

- Vannkraftverk > 10 MW
- Kraftverk med pumpe
- Pumpe
- Vannkraftverk 1-10 MW
- Vannkraftverk < 1 MW

■ Dam\_N250

● Inntakspunkt

### Vannvei

- == Kanal
- == Rørgate
- == Kraftverkstunnel

■ Dam

### Magasin

- ▨ Innsjø oppdemt til andre formål
- ▨ Innsjø oppdemt til kraftproduksjon
- ▨ Reguleringsmagasin til andre formål
- ▨ Reguleringsmagasin til kraftproduksjon

### Hovedelv

### S100\_TekniskSituasjon\_p

- ⊕ Aerolykt
- × AnnetTeknisk
- Bygning
- ▲ Båke
- ✈ Flyterminal
- ⊠ Gravplass
- ⊠ GruvelDrift
- × GruveLinjestolpe
- ⊠ GruveNedlagt
- ⊠ Helikopterlandingsplass
- ⊠ Kirke
- × Kjøttstativ
- ⊠ Lanterne
- ⊠ Mast
- × MastLiten
- × MastMonument
- ⊠ MastTele
- ⊠ Racon
- ⊠ Radio
- Ruin
- ▲ Skole
- ⊠ Sykehus
- Tank
- ▲ Varde

— S100\_TekniskSituasjon\_l

▲ S100\_Fosser\_p

⊕ S100\_Pingoer\_p  
NVEAtlas 20/2/2017




Kommentar:





# Kløvtveit kraftverk



## Tegnforklaring

- Sentralnett
- Regionalnett
- Distribusjonsnett
- Sjøkabler
- Transformatorstasjoner
- Vannkraftverk**
  - Vannkraftverk > 10 MW
  - Kraftverk med pumpe
  - Pumpe
  - Vannkraftverk 1-10 MW
  - Vannkraftverk < 1 MW
- Dam\_N250
- Inntakspunkt
- Vannvei**
  - Kanal
  - Rørgate
  - Kraftverkstunnel
- Dam
- Magasin**
  - ▨ Innsjø oppdelt til andre formål
  - ▨ Innsjø oppdelt til kraftproduksjon
  - ▨ Reguleringsmagasin til andre formål
  - ▨ Reguleringsmagasin til kraftproduksjon
- ▨ Delfelt
- Ikke\_utbygde\_kraftledning**
  - Melding
  - Søknad
  - Høring
  - Konsesjon gitt, Innstilling til OED
  - Påklaget
  - Konsesjon avslått
  - Konsesjon trukket
  - Annet vedtak

Kommentar





# Kløvtveit kraftverk og Yndesdalsvassdraget (verna)



## Tegnforklaring



- Sentralnett
- Regionalnett
- Distribusjonsnett
- Sjøkabler
- Transformatorstasjoner
- Vannkraftverk**
  - Vannkraftverk > 10 MW
  - Kraftverk med pumpe
  - Pumpe
  - Vannkraftverk 1-10 MW
  - Vannkraftverk < 1 MW
- Dam\_N250
- Inntakspunkt
- Vannvei**
  - == Kanal
  - == Rørgate
  - == Kraftverkstunnel
- Dam
- Magasin**
  - ▨ Innsjø oppdemt til andre formål
  - ▨ Innsjø oppdemt til kraftproduksjon
  - ▨ Reguleringsmagasin til andre formål
  - ▨ Reguleringsmagasin til kraftproduksjon
- ▨ Delfelt
- Ikke\_utbygde\_kraftledning**
  - Melding
  - Søknad
  - Høring
  - Konsesjon gitt, Innstilling til OED
  - Påklaget
  - Konsesjon avslått
  - Konsesjon trukket
  - Annet vedtak

Kommentar



# VEDLEGG 3.1

## SMIBELG KRAFTVERK og STORÅVATN KRAFTVERK



Karta er henta 4.4.2017 og lett tilpassa frå originalen her:

<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201605480/1880497>

Henta 10.5.2017: <http://www.helgelandkraft.no/konsern/forside/om-helgeland-kraft/nyheter-og-aktuelt/i-rute-med-storstilt-vannkraftutbygging/>  
Kostnads- og produksjonsinformasjon vart henta 2.3.2017 på <https://www.sks.no/produksjon/fornybarenergi/kraftutbygginger/smibelg-og-storaavatn/>  
Nettsida viste seg å vere ustabil. Derfor er denne sida lagt ved.

# I rute med storstilt vannkraftutbygging

Helgeland Kraft og Salten Kraftsamband gjennomfører en større vannkraftutbygging på Smibelg og Storåvatn kraftverker gjennom det felleseide selskapet Smisto Kraft AS.


**[Bilete av fjellarbeid som stod her, er sletta for å unngå spørsmål om opphavsrett.]**

– Vi jobber parallelt på begge kraftverkene. Nå holder vi på å sprengje ut tuneller, kraftstasjonshallene er ferdig utsprengt i både Smibelg- og Storåvatn kraftverk. For øyeblikket pågår det sjaktboring fra to plasser hvor vi borrar hull fra toppen av fjellet og ned til tunellene, sier Stig Grønli daglig leder i Smisto Kraft AS.

Kraftverkene vil få en samlet årsproduksjon på cirka 210 GWh, som tilsvarer forbruket til rundt 10.000 husstander og har en kostnadsramme beregnet til om lag 1,3 milliarder kroner. Hæhre entreprenør som for tiden også bygger nye veier på Helgeland har den største enkeltkontrakten i prosjektet.

– Vi er svært fornøyd med prosjektet så langt. Vi har en god ledelse på stedet og har også en svært rutinert entreprenør. Det er flott at man gjennom samarbeid kan få til å realisere dette prosjektet, som for tiden er en av de største utbyggingene av ny vannkraft i Norge, sier Torkil Nersund, produksjonssjef i Helgeland Kraft.

Det var i utgangspunktet Salten Kraftsamband (SKS) som i 2012 fikk konsesjon for utbygging av Smibelg- og Storåvatn kraftverk i Rødøy og Lurøy kommune. Når SKS skulle finne en samarbeidspartner for å realisere prosjektet så var det naturleg å se til Helgeland Kraft som har en nærliggende driftsorganisasjon i Sjona kraftverk. Sammen har de stiftet selskapet SmiSto Kraft AS der hver av partene eier 50 prosent hver.



*<http://www.visbrosjyre.no/otrakraft/WebView/Henta> 25.2.2017. Ikkje tilgjengeleg 12.5.2017.  
Bakgrunnsbilete er sletta for å unngå forstyrrende element.  
Kartet er forstørra og gule markeringar lagt til.*



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo  
tlf. 09575  
E-post: nve@nve.no

# Ringedalen, Øvre/Nedre Bersåvatn, Opo



## Tegnforklaring

- Sentralnett
- Regionalnett
- Distribusjonsnett
- Sjøkabler
- Transformatorstasjoner
- Ikke\_utbygd\_vannkraftverk**
  - Under bygging
  - Gitt konsesjon
  - Under klagebehandling i OED
  - Konsesjon avslått
  - Under konsesjonsbehandling > 10 M
  - Under konsesjonsbehandling < 10 M
  - Konsesjonspliktig
  - Konsesjonsfritt
  - ▲ Rest - Samlet plan
- Ikke\_utbygd\_inntakspunkt**
  - Under bygging
  - Gitt konsesjon
  - ✕ Avslått
  - Under konsesjonsbehandling
  - Konsesjonspliktig
  - Konsesjonsfritt
  - Rest - Samlet plan
- Ikke\_utbygd\_dam**
  - Under bygging
  - Gitt konsesjon
  - Avslått
  - Under konsesjonsbehandling
- Ikke\_utbygd\_vannvei**
  - Under bygging
  - Gitt konsesjon
  - Avslått
  - Under konsesjonsbehandling
  - Konsesjonspliktig
  - Konsesjonsfritt
  - Rest - Samlet plan
- Ikke\_utbygd\_magasin**
  - Under bygging
  - Gitt konsesjon
  - Avslått
  - Under konsesjonsbehandling
  - Rest - Samlet plan
- Vannkraftverk**
  - Vannkraftverk > 10 MW
  - Kraftverk med pumpe
  - Pumpe
  - Vannkraftverk 1-10 MW

NVE 4/5/2017

Ringedalen kraftverk - under bygging (oppgåva punkt 5.4.2), Bersåvatn kraftverka (oppgåva punkt 5.4.2.2) og Opo og Sandvinvatnet - flomsikring og kraftverk under konsesjonshandsaming (oppgåva punkt 2.1) er markert med gule rammer på kartet.